

PROFESJON OG PROFESJONSMORAL

Harald Grimen

*Senter for profesjonsstudier ~ Centre for the Study of Professions
Høgskolen i Oslo ~ Oslo University College*

Arbeidsnotat nr. 04/2006

www.hio.no/sps

Innhold

1. Innleiande merknader	3
2. Moralske subjekt i profesjonelle samanhengar.	7
3. Grunnlaget for profesjonsmoral	11
4. Om profesjonsmoral	16
5. Om profesjonar	19
6. Profesjonsmoral og sjølvjustis	25
7. Subsidiaritet og helseorganisering – eit døme	31
8. Avsluttande merknader	38
Litteratur	45

I. Innleiande merknader

Denne artikkelen skal handle om kva profesjonsmoral er, kva som er profesjonsmoralar sine røter og kva som er profesjonsmoralar sine primære rollar. Artikkelen si sentrale tese er at ein profesjonsmoral er eit sett av normer og verdiar som definerer "the terms of cooperation" mellom yrkesutøvarar som forhold seg til kvarandre gjennom ei kollegial organisasjonsform og som forhold seg til bestemte andre personar som sine klientar eller brukarar. Ein profesjonsmoral regulerer ikkje berre yrkesutøvarar sine handlingar. Han *konstituerer* òg ei organisasjonsform, nemleg kollegial organisering. Kjerna i ein profesjonsmoral er ei kollegial gruppe sin trong for institusjonalisert indre sjølvjustis. Trongen for indre sjølvjustis kan ha mange grunnar, alt etter kva oppgåver den kollegiale gruppa har. Når det gjeld moderne profesjonar har denne trongen for sjølvjustis minst to grunnar, nemleg at moderne profesjonar har stor autonomi til å forvalte bestemte typar kunnskap til beste for andre menneske, og at dei som er profesjonane sine klientar eller brukarar har krav på å få kvalitet. Kollegiale organisasjonar er per se vanskelege å kontrollere utanfrå; ergo må ein føresetje at dei kan kontrollere seg sjølve dersom dei får i ansvar å forvalte kunnskap eller andre ting. Dette er på mange måtar kjerna i profesjonalismen sitt politiske dilemma: Eit samfunn kan trenge yrkesutøvarar som er slikt at yrkesutøvinga deira kan vere vanskeleg å kontrollere av dei som treng dei. Samfunnet må då føresetja at dei organiserer seg slik at dei sjølve lever opp til visse normative standarder. Ein profesjonsmoral er slike standarder.

I klassiske definisjonar av profesjonsomgrepet var det eit definatorisk trekk at profesjonar har ein profesjonsmoral – ein profesjonsmoralsk kodeks.¹ Ein rolle som ein slik kodeks vart tiltrudd å spele, var å halde profesjonelle yrkesutøvarar sine eigeninteresser i sjakk. Profesjonell yrkesutøving skulle vere ueigennyttig, og profesjonsmoralen vart sett på som eit middel til å oppnå slik ueigennytte (Koehn 1994). Ei viktig antaking var at profesjonsmoralen

¹ Eg føl Bjørn Hofmann sin måte å skilje mellom profesjonsetikk og profesjonsmoral på (Hofmann 2005). Profesjonsmoral er dei normer og verdiar som styrer profesjonelle si åtferd. Profesjonsetikk er den filosofiske refleksjonen over slike normer og verdiar.

regulerer handlingar på ein annan måte enn både marknadsbaserte økonomiske incentiv og hierarkisk strukturerte kommandolinjer i byråkratiske organisasjonar. Dette hadde to sider. For det første vart det antekt at individ som er styrde av internaliserte normer og verdiar opptre på ein annan måte enn individ som er styrde av økonomiske incentiv eller av hierarkiske kommandolinjer. Økonomiske incentiv åleine kan ikkje halde eigeninteresser i sjakk. Byråkratiske hierarki kan halde eigeninteresser i sjakk, men berre gjennom lover og reglar som utøver ytre tvang på individa. Problemet med profesjonelle er at dei som autonome må halde eigeninteresser i sjakk gjennom å verte styrde av internaliserte normer og verdiar. Dei har arbeidsoppgåver som ikkje så enkelt let seg styre av ytre regelsystem og som gjer at utøyla eigeninteresse kan vere eit stadig trugsmål, mellom anna fordi dei òg opptrår som marknadsaktørar. Få såg dette klårare enn Max Weber då han definerte profesjonar som "Erwerbsklassen" som lever av å monopolisere kunnskap på ulike marknader (Weber 1976, s.). Dette er ei klassisk problemstilling i sosiologisk handlingsteori, som har dukka opp mange ganger gjennom sosiologien si søge. Men, for det andre, profesjonsmoral vart òg sett på som eit fenomen knytt til ei bestemd organisasjonsform. Profesjonelle yrkesutøvarar har stor autonomi i yrkesutøvinga, og dei må som kollektiv òg styre seg sjølve gjennom å styre kvarandre og styre kvarandre gjennom å styre seg sjølve. Profesjonsmoralen vart sett på som eit uttrykk for ei kollegial organisasjonsform, som er ulik både marknadsorganiserig og byråkratisk organisering. Denne kontrasten til marknad og hierarki var frå byrjinga av - i alle fall like frå Émile Durkheim (Durkheim 19.) – eit viktig trekk ved profesjonslitteraturen sin måte å skjone profesjonsmoral på. Og kontrasten er framleis sentral, til dømes i Eliot Freidson sin idé om "the third logic" (Freidson 2001). Kort sagt, profesjonslitteraturen sin måte å skjone profesjonsmoral på har like frå byrjinga av vore plassert i kjerna av minst to viktige samfunnsteoretiske kontroversar, ein handlingsteoretisk (økonomiske incentiv versus ytre reglar versus internaliserte normer og verdiar) og ein organisasjonsteoretisk (marknad versus byråkrati versus kollegialitet).

I dette arbeidet skal eg sjå på profesjonar som ein type einingar som har kollegial organisering i botnen. Men det er kanskje viktig å sjå at ein profesjon ikkje kan identifiserast fullt ut med ein type organisasjonsform og at vi bør operere med eit relativt finmaska nett av organisasjonsformer for å skjønne kva ein profesjon er. Ein profesjon er kanskje primært eit kluster av organisasjonsformer, med kollegial organisering i botnen. I kjerna på Den norske lægeforening finn vi ei fagforeining, ei forskargruppe, fleire tidsskriftsredaksjonar (Tidsskrift for den norske lægeforening, Dagens Medisin), ein serie med komitear, deriblant etiske komitear, ein utdanningsorganisasjon (som mellom anna driv og finansierer kurs på den medisinske doktorgraden, samt mykje etterutdanning), komitear som driv politisk lobbyverksemd, utval som handsamar samarbeid med den medisinske industrien, personar som driftar eit eige hus ("Legens hus") og mykje meir. Alle desse er organiserte på ulike vis, men dei tilhøyrer alle lækjarane sin fagorganisasjon.

Kollegiale organisasjonsformer har i seg fire viktige trekk (i større eller mindre grad): Dei er for det første *egalitære*, i den tydinga at det er samarbeid mellom tilnærma likeverdige partnarar. Dette skil dei frå byråkratiske organisasjonar, som er hierarkiske. For det andre kan dei imidlertid tillate store ulikskapar mellom dei som samarbeider, berre ulikskapane primært vert skjønna som *meritokratiske*, dvs. som ulikskapar i formell kompetanse og/eller reell røynsle. I eit advokatfirma skil ein mellom partnarar og ikkje-partnarar. Partnarane samarbeider i ei typisk kollegial organisasjonsform. Men det kan ligge føre ganske store skilnader mellom seniorpartnarar og juniorpartnarar. Ulikskapane vert imidlertid skjønna primært som meritokratiske, dvs. som bygde på ulik kompetanse og røynsle. For det tredje vert tilgangen til partnarskap òg skjønna som eit meritokratiske spørsmål. Partnarskap kan oppnåast gjennom formell og uformell *sertifisering* basert på utdanning og røynsle. Dette skil slik organisering frå marknadsorganisering, der både tilgang til og aksepterte ulikskapar primært er baserte på pekuniære faktorar. Det som skaper legitimeringsvanskar i kollegiale organisasjonsformer er ikkje-meritokratiske ulikskapar, som til dømes ulikskapar baserte på kjønn, sosial klasse eller etnisitet. Ein grunn til dette er at kollegiale organisasjonar ofte vert sett på som

argumentasjonsfellesskap. I eit argumentasjonsfellesskap kan ein legitimere ulik handsaming av folk basert på ulik kompetanse og røynsle. Men ein kan – ideelt sett - ikkje legitimere ulik handsaming av folk basert på ikkje-meritokratiske faktorar, som kjønn, klasse eller etnisitet. Ideelt fungerande kollegiale organisasjonar er imidlertid "few and far between". Det fjerde viktige trekket ved kollegiale organisasjonsformer er at dei – under føresetnad av at menneske ikkje er englar (noko som ikkje treng å tyde at dei difor er djevlar) – treng indre ordningar for å halde seg sjølve i sjakk, dersom dei skal utføre oppdrag på vegne av andre. Kollegiale organisasjonar er sjølvrådde einingar, som er vanskelege å kontrollere eksternt. Dette motiverer til ei viss grad det skiljet mellom fagorganisering og arbeidsorganisering som vi finn i moderne profesjonar (Svensson 19). Ei av oppgåvene til fagorganisasjonen er å sikre kvaliteten i arbeidsorganisasjonen, mellom anna ved at fagorganisasjonen er ein instans som ulike slags saker kan klagast inn for, og ved at fagorganisasjonen er ein stad der ulike slags debattar går føre seg om faglege og moralske spørsmål, debattar som så kan formidlast utover mot arbeidsorganisasjonen att.

Eit vesentleg trekk ved denne måten å skjøne profesjonsmoral på, er at det vert eit dekor, men vert det som definerer "the terms of professional cooperation". Eg kjenner ikkje til arbeid der dette vart utarbeidd særleg i detalj, men det ligg som ein understraum i mykje av den klassiske profesjonslitteraturen, mellom anna hjå Durkheim, Millarson og Parsons (Durkheim 19; Millarson 19; Parsons 19). I så måte skjøna ein profesjonsmoral analogt med Robert Merton si oppfatting av vitskapane sitt etos (Merton 1968). Det er i og for seg ikkje så rart, sidan mykje av den klassiske profesjonslitteraturen hadde - som Merton sine oppfatningar - funksjonalistiske røter. Merton oppfatta dei fire grunn-normene i vitskapane sitt etos – kommunisme, desinteresse, universalisme og organisert skeptisisme – som institusjonaliserte imperativ, som nettopp set "the terms of professional cooperation" mellom forskarar (Gilje og Grimen 1993; Grimen 2004). Forskingsmoralske spørsmål er difor ikkje ytre i høve til forskning

skjøna som sosial samhandling. Dei går like inn i kjerna av slik samhandling.² Eit tilsvarande syn – bygt på andre føresetnader – finn ein hos Knut Erik Tranøy (Tranøy 1986).

Denne oppfattinga av tilhøvet mellom profesjonar og profesjonsmoral skal setje scenen for det som skal vere leietråden i dette kapitlet. Eg skal ta ei slik oppfatting om tilhøvet mellom profesjon og profesjonsmoral som utgangspunkt. Eg trur, utan at eg skal argumentere for det her, at ei slik oppfatting kan forsvarast på ikkje-funksjonalistiske premisser. Eg vrir då problemstillinga frå det funksjonalistiske spørsmålet om profesjonsmoralen sin funksjon til spørsmålet om kollegiale organisasjonsformer sin konstitusjon. Eg skal i stor grad sjå bort frå dei omfattande diskusjonane om prinsippbasert moral versus dydsbasert moral versus omsorgsmoral, nærleiksmoral og mykje anna. Grunnen er ikkje at dette er uinteressant, men at det er diskusjonar som går gjennom heile det etiske feltet, og som berre vert profesjonsetiske når dei vert anvendt på profesjonar. Dei verkeleg interessante problemstillingane for profesjonsetikken får ein etter mitt syn heller opp ved å stille eit spørsmål av ein litt annan type, nemleg dette: Kva er det som konstituerer moralske subjekt i profesjonelle samanhengar? Svaret på dette spørsmålet kastar lys over det som etter mitt syn er det sentrale profesjonsetiske problemet, nemleg tilhøvet mellom profesjon og profesjonsmoral.

2. Moralske subjekt i profesjonelle samanhengar.

X er eit moralsk subjekt i profesjonelle samanhengar dersom X er normadressat for profesjonsmoraliske normer og verdiar eller for eit særskilt sett av slike normer og verdiar. Å vere normadressat for eit slikt sett av normer og verdiar er å vere ein person som bør følge,

² Korvidt Merton sitt syn på vitskapane sitt etos som institusjonaliserte imperativ kan overførast direkte på profesjonar, er eit ope spørsmål. Det føreset at profesjonar er institusjonar, noko som igjen føreset eit institusjonsomgrep. Profesjonar er kanskje institusjonar om vi brukar Mary Douglas eller Berger og Luckmann sine sin institusjonsomgrep (Douglas 1986; Berger og Luckmann 1994), men det kan vere vanskeleg å anvende andre institusjonsomgrep på dei.

handheve eller ta passende omsyn til desse normene og verdiane i yrkesutøvinga (NB Sjøkk Skirbekk 1997(?) om "moral subjects", "moral objects", "moral discussants"). Eller, sagt litt annaleis: Det er å vere ansvarleg for at desse normene og verdiane vert følgde, handheva eller tekne passende omsyn til i yrkesutøvinga. To viktige poeng må her understrekast. Ein person kan vere normadressat for slike normer og verdier utan å kjenne seg som normadressat. Eg vil då seie at han gjer eit moralsk mistak, eventuelt at han er insensitiv overfor moralske problem. Døme på dette kan vere lækjarar som er heilt kjenslelause overfor dei krava som lækjarstanden sine moralske standarder stiller. Slik kjensleløyse kan ligge føre i ulike variantar og i ulik grad. Det mest ekstreme dømet vi kjenner var truleg Josef Mengele. Ein person kan imidlertid òg tru at han er adressat for profesjonsmoraliske normer og verdier, utan å vere det. Eg vil då seie at han gjer eit slags sosialt kategorimistak. Han tiltek seg eller trur han har ein status som han ikkje har. Dei mest openberre døma er personar som i eiga god tru svindlar seg til ein status som profesjonell, til dømes gjennom oppdikta eksamenar i medisin. Dei fleste slike er reindykrka svindlarar og veit godt kva dei gjer. Men ein del av dei trur faktisk at dei er lækjarar, utan å vere det, omtrent slik ein del kvinner trur at dei har fått barn, utan å ha fått det. Men det kan òg dreie seg om "wannabe" profesjonar som tiltek seg oppgåver som eigentleg krev ein type lisensiering som dei ikkje har fått, og som trur at dei rettmessig har krav på å forvalte desse oppgåvene.

Anta for argumentet si skuld at Childress og Beauchamp sine fire prinsipp er kjerna i lækjarane sin profesjonsmoral (Childress og Beauchamp 19...; Fjelland og Gjengedal 19...). Spørsmålet er då kven eller kva det er som er moralske subjekt i høve til desse prinsippa. Som privatperson, eller i ein av dagleglivet sine statusar som ektemann, son, nabo, kanineigar eller venn, er eg ikkje adressat for dei. Eg er heller ikkje adressat for dei om som statsborgar åleine. Men om eg hadde vore lækjar, så ville eg ha vore adressat for desse prinsippa, og eg ville då ha hatt ansvar for å ta adekvat omsyn til slike ting som prinsippet om velgjerning, prinsippet om ikkje-skade, prinsippet om autonomi og liknande i det daglege virket mitt som lækjar. Eit første kjenneteikn ved profesjonsmoraliske normer og verdier er difor at det å vere

moralsk subjekt i høve til dei, er vere berar av ein sosial status som er ulik mange andre statusar som ein kan dele med andre. Ein er til dømes ikkje moralsk subjekt i høve til dei som person per se eller som borgar per se. Ein er heller ikkje moralsk subjekt i høve til dei i kraft av mange av dagleglivet sine statusar. Dette reiser imidlertid eit interessant og viktig spørsmål: Dei sosiale statusane som er føresetnader for at ein kan bli subjekt for profesjonsmoralske normer og verdiar, kan dei skjønast uavhengig av ei bestemd organisasjonsform, nemleg kollegial organisering? Svaret på det er ja, men om vi skjønar dei slik, får vi ein heilt annan ide om profesjonsmoral enn det som ligg i kjerna på moderne profesjonar.

Nokre andre interessante trekk ved profesjonsmoralske normer og verdiar – og det å vere subjekt i høve til dei - trer fram dersom vi stiller ein del spørsmål om tilhøvet mellom slike normer og verdiar og det Tranøy kallar allmenmoralen (Tranøy 1997). Anta – igjen for argumentet si skuld – at Kardemomme-lova er kjerna i allmenmoralen: ”Du skal vere snill og grei og ikkje plage andre, elles kan du gjere kva du vil.” (Skal skiftast ut med Tranøy!!) Det finst då i alle fall tre ulikskapar, som det er verd å sjå nøyare på.

I. For det første finst det handlingar som det kan vere legitimt for profesjonelle å utføre og som kan stri mot sentrale normer og verdiar i allmenmoralen. Å vere subjekt for profesjonsmoralske normer og verdiar kan difor ein del ganger tyde at ein kan gjere ting som allmenmoralen ikkje ville tillate. Ein del profesjonelle er nøydde til å plage andre i yrkesutøvinga. Lækjarar kan og må føreskrive behandlingsregime som kan vere svært plagsame. Cellegift-kurar mot kreft er eit av mange døme på det. Å gå til tannlækjar er ikkje alltid like lysteleg. Ein profesjon – journalistane – har, som Paul Bjerke seier (Bjerke 200.), som hovudoppgåve å plage andre. Eit sentralt element i journalistikken sitt samfunnsmandat er å fungere som den fjerde statsmakta, dvs. å drive maktkritikk i høve til dei andre statsmaktene og også i høve til næringslivet og institusjonar i det sivile samfunnet eller i det Rawls kallar ”non-public spheres”: religiøse organisasjonar, friviljuge organisasjonar og liknande (Rawls 1993). Privatlivet òg kan bli utsett for kritisk journalistikk. Maktkritisk journalistikk kan bli, og

vert vanlegvis, oppfatta som ei plage av dei som vert utsette for han. I profesjonell yrkesutøving rekk det altså ikkje alltid å vere snill og grei. Dette viser oss at profesjonsmoral ikkje kan sjåast på som allmenmoralske normer og verdiar, og at profesjonsmoralske normer og verdiar ikkje utan vidare kan sjåast på som avleia av allmenmoralske normer og verdiar (sjekk Hughes).

2. For det andre er allmenmoralen sett i eit normativt lys autotelisk. Han har ikkje noko føremål ut over seg sjølv. Sosiologar kan kanskje seie at allmenmoralen har ein funksjon (han avvergar eller dempar konflikhtar). Evolusjonsbiologar kan kanskje seie at allmenmoralen er eit resultat av naturleg utval. Han har blitt vald ut fordi han har gjeve grupper som har praktisert han seleksjonsføremoner i høve til grupper som ikkje har praktisert han. Men frå eit normativt synspunkt er allmenmoralen autotelisk. Å handle moralsk i tråd med allmenmoralske normer og verdiar er eit mål i seg sjølv, ikkje eit middel i andre føremål si teneste. Profesjonsmoralske normer og verdiar er imidlertid heteroteliske sett frå ein normativ synsstad. Dei har føremål ut over seg sjøve. Det er normer og verdiar i bestemte føremål si teneste. Ofte er dette føremål som er bestemte av dei gapa mellom profesjonell yrkesutøving og allmenmoralen som kan oppstå, og det seier oss noko interessant om tilhøvet mellom profesjonsmoral og allmenmoral. Når ein i prinsippbasert medisinsk etikk legg så sterk vekt på prinsippa om autonomi og om ikkje å skade, kan det nettopp vere fordi profesjonell yrkesutøving i medisinske samanhengar kan føre til skade og til manglande respekt for andre sin autonomi. I eit slikt lys vert ein profesjonsmoral ein type "reparasjonsmoral", som skal halde gapa mellom profesjonell yrkesutøving og allmenmoralske normer og verdiar så små som det er råd å gjere. Eit sentralt føremål med alle dei fire prinsippa som Childress og Beauchamp set opp, er nettopp å verne pasientane.

3. Den tredje interessante ulikskapen mellom profesjonsmoral og allmenmoral er knytt til spørsmålet om kompetanse, sertifisering og lisensiering. Ein grunn til at eg ikkje kan sjå på meg sjølv som moralsk subjekt for medisinsketiske normer og verdiar, er at eg ikkje har lov til å

drive med det som lækjarar driv med, sjølv ikkje i beste avsikt. Om eg hadde putla litt med hjertekirurgi på familie og venar i fritida og ein av dei døydde eller fekk varig skade på grunn av dette, ville eg neppe kunne seiast å ha brote med eit viktig prinsipp i medisinsk moral. Eg ville ganske enkelt ha gjort noko ulovleg, sidan eg ikkje har lisens som lækjar. Om eg då hadde forlanga å ikkje bli stilt for ein domstol, men å få saka mi prøvd for eit medisinsk-etisk utval, ville det ha avsløra ei lett komisk misforståing av min eigen posisjon. I profesjonsmoralsk lys må ein vere sertifisert både for å kunne handle moralsk og for å kunne handle umoralsk. Det er først når ein har fått den legitime statusen som profesjonell at ein utan å gjere eit slags sosialt kategorimistak kan oppfatte seg sjølv som moralsk subjekt for profesjonsmoralske normer og verdiar. Det er sertifiseringa som gjev ein tilgang til det moralske domenet som profesjonsmoralen gjeld for.

3. Grunnlaget for profesjonsmoral

Desse poenga om konstitueringa av profesjonsmoralske subjekt er viktige for å skjønne kva som er grunnlaget for profesjonsmoral. Tvillaust er profesjonsmoral ikkje det same som allmenmoral, mellom anna fordi profesjonsmoralar tillet handlingar som kan kome i konflikt med allmenmoralske normer og verdiar. Det er òg tvilsamt om slike normer og verdiar kan avleiest frå allmenmoralske normer og verdiar. Tilhøvet mellom profesjonsmoralar og allmenmoralen er konfliktfylt, ikkje harmonisk. Dette inneber ikkje at allmenmoralen er irrelevant for profesjonsmoralar. Det tyder berre at vi må leite etter grunnlaget for profesjonsmoralar andre stader enn i allmenmoralen. Vi må leite på same staden som vi leitte etter grunnlaget for konstitueringa av moralske subjekt for profesjonsmoralar. Men det kan tenkast at allmenmoralen kjem inn som viktig på ein annan stad enn det det er vanleg å tru.

Eg skal argumentere for at det direkte grunnlaget for profesjonsmoralar er det samfunnsoppdraget som profesjonar har. Det direkte grunnlaget for profesjonsmoralar er

politisk, og ikkje allmennmoralsk eller religiøst. Det bygger på den politiske legitimiteten til det samfunnsoppdraget som profesjonane er berarar av. Dersom ein person eller ei gruppe trur at dei har eit slikt samfunnsoppdrag, men dette ikkje har oppnådd politisk legitimitet, så vil dei ganske enkelt ikkje vere normadressatar for profesjonsmoraliske normer og verdiar. Argumentet mitt føreset at det finst genuint politiske spørsmål, som er normative, men ikkje moralske. Eg trur ikkje at normative politiske spørsmål restlaust let seg redusere til moralske spørsmål. Om statsskipnaden i eit land skal vere monarki eller republikk, eller om valsystemet skal bygge på "single-member constituencies" eller på proporsjonal representasjon, er normative politiske spørsmål som ikkje er moralske. På den andre sida let politikkk seg heller ikkje restlaust skilje frå allmennmoraliske spørsmål. I høve til politikkk er allmennmoralen meir å skjønne som eit allment rameverk som politiske prosessar føregår og kanskje må føregå innanfor for at politiske vedtak skal kunne oppnå legitimitet. Allmennmoralen er dermed indirekte relevant som grunnlag for profesjonsmoralar, i og med at den politiske legitimiteten til vedtak om å gje ei bestemt yrkesgruppe eit samfunnsoppdrag, kan vere avhengig av at dei politiske prosessane som har leia fram til vedtaket, er i samsvar med allmennmoraliske normer og verdiar. Allmennmoralen kan òg vere relevant på ein meir substansiell måte. Det kan tenkast at grunnlaget for at ei yrkesgruppe – til dømes lækjarar – får eit bestemt samfunnsoppdrag, er verdiar og normer i allmennmoralen, til dømes at vi bør hjelpe sjuke menneske, menneske i naud, eller menneske med økonomiske vanskar. I den grad religiøst grunngeivne moralske verdisystem òg inneheld slike synspunkt, kan slike system òg vere substansielt relevante som indirekte grunnlag for profesjonsmoralar. Men det er her viktig å understreke, som Daryl Koehn òg gjer, at eksistensen av profesjonar i moderne tyding ikkje let seg direkte avleie frå allmennmoraliske eller religiøst grunngeivne idear om at menneske i naud bør hjelpast (Koehn 1994). Det er fullt tenkbart at vi kunne ha organisert hjelp til sjuke og naudstilte på andre måtar enn gjennom moderne profesjonar. Mellom allmennmoraliske verdiar og moderne profesjonar står lange historiske og politiske prosessar som har teke ein bestemd retning som det ikkje var moralsk sett tvingande naudsynt at dei skulle ta.

Dette tyder òg at eg oppfattar profesjonsmoralar som distinkte historiske storleikar. Det har ei byrjing – som Hippokratisk etikk (som truleg starta i pythagoreiske sekter) – og dei kan få ein slutt, dersom vi finn ut at profesjonar i vår tyding ikkje er ein god måte å organisere hjelp til sjuke eller naudstilte på. Sidan profesjonar i vår moderne tyding er historiske storleikar, så er òg profesjonsmoralar historiske storleikar i like stor grad.

Av og til må moral bygge på politikk, og ikkje omvendt. Profesjonsmoral er eit døme på dette. Profesjonsmoralar har eit politisk grunnlag. Eitt av dei - truleg kontroversielle - standpunkta som føl av dette er, som nemnt, at det vert feil å sjå på profesjonsmoralar som direkte forlengingar av allmenmoralen. Dessutan vert religiøst motiverte moralfilosofiar og moralske kodeksar relativt perifere for å skjønne grunnlaget for profesjonsmoralar, sjølv om dei kan vere viktige for utforminga av konkrete handlingsreglar, og dessutan viktige for at spørsmålet om profesjonar og samfunnsoppdrag i det heile reiser seg som politiske problem i eit samfunn. Noko tilsvarande gjeld nærleiksetikk av den typen som Arne-Johan Vetlesen og Per Nortvedt (Vetlesen og Nortvedt 1994; Vetlesen og Jodalen 19.) står for, og fleire andre typar moralfilosofiske posisjonar. Dette tyder ikkje at slike etikkvariantar er uinteressante for profesjonsetikken. Det tyder berre at kjelda til profesjonsmoraliske problemstillingar ikkje ligg her, men ein annan stad. Eg skal utmynte dette litt meir presist i nokre punkt.

I. Profesjonsmoraliske problemstillingar slik vi kjenner dei er problemstillingar som berre reiser seg dersom ein bestemd type sosiale samanslutningar - profesjonar - har politisk legitimitet for eit samfunnsoppdrag, som kan variere frå profesjon til profesjon, og frå samfunn til samfunn. Om ei sosial samanslutning ikkje har politisk legitimitet, men likevel tek på seg å handsame klientar (om vi held oss til Freidson sitt omgrep om "consulting professions" (Freidson 1988)), reiser det sjølvsagt moralske problem, men ikkje spesifikt profesjonsmoraliske problem. Vi snakkar då om ein type politisk usurpasjon av legitimitet for eit samfunnsoppdrag. Det finst ingen særeigen profesjonsmoral for kvakksalvarar. Men om ein del av dei som i dag vert sett på som kvakksalvarar oppnår politisk legitimitet for eit

samfunnsoppdrag, reiser det seg profesjonsmorske problemstillingar i omgangen deira med klientane. Eksistensen av profesjonsmorske problemstillingar føreset altså at "the professional claim" (Abbot 19.) har oppnådd ein slags politisk legitimitet. Her finst òg mange interessante grensetilfelle. Grensetilfella er instruktive, for dei viser tydeleg at kva vi skal skjønne som addressatar for profesjonsmorske normer og verdiar er avhengig av korleis vi skjønar profesjonsomgrepet. I England har healerar kome inn på sjukehusa, og dei er på veg inn i Norge og andre land. Om vi tolkar det å oppnå politisk legitimitet som at det har blitt laga ei sertifiseringsordning for dei, så har dei neppe oppnådd politisk legitimitet og kan neppe skjønast som normaddressatar for ein profesjonsmoral. Så vidt eg veit finst det inga særskild sertifiseringsordning for healerar. Men om det faktum at dei har kome inn på sjukehusa i seg sjølv vert tolka som eit teikn på at dei har oppnådd politisk legitimitet for eit oppdrag, så vil dei kunne sjåast på som slike normaddressatar. Så sjølv om den politiske legitimiteten til "the professional claim" er føresetnad for at ein skal kunne vere subjekt for ein profesjonsmoral, så er det ikkje alltid like klårt verken korleis ein oppnår slik politisk legitimitet, eller korleis ein skal tolke det at ein har oppnådd han. Historisk sett har profesjonar kome til heider og verde på mange ulike måtar.

2. Det finst fleire måtar å skjønne kva ein profesjon er. 'Profesjon' er både eit dagleglivsomgrep og ein sosiologisk kategori. Argumentet i denne artikkelen heng på at vi oppfattar profesjonar som noko meir enn kunnskapsbaserte yrke, nemleg også som sosiale samanslutningar ("associations"), so kollegiale organisasjonsformer. Om vi oppfattar profesjonar berre som kunnskapsbaserte yrke, kan vi nok framleis snakke om profesjonsmoralar, fordi vi kan snakke om samfunnsoppdrag til individuelle profesjonelle yrkesutøvarar. Men vi får då profesjonsmoralar med eit heilt anna politisk grunnlag enn om vi skjønar profesjonar som samanslutningar. Den politikken som profesjonsmoralar bygger på, har altså eit sosiologisk grunnlag. Han bygger på ei bestemd sosiologisk oppfatting av kva ein profesjon er. Dei moderne debattane om profesjonalisme (Freidson 2001; Dingwall 19; Evetts 2002 og andre) er interessante for profesjonsetikken fordi dei rører ved det sosiologiske grunnlaget for den

politikken som profesjonsmoraler bygger på i moderne samfunn. Det sosiologiske grunnlaget for den politikken som alle moderne profesjonsmoraler som eg kjenner, bygger på, er tanken om at profesjonar er samanslutningar, "professional associations", som må og kan halde orden i eige hus for at oppdraget skal kunne bli utført. Det gjeld alt frå lækjarar og sjukepleiarar til revisorar og bibliotekarar. Politikken er utkrystallisert i tanken om slike samanslutningar – organiserte på ein bestemd måte - har eit samfunnsoppdrag. Profesjonell autonomi er difor primært ein type politisk autonomi. Ein profesjonsmoral er ein kodeks - eit sett av normer og verdiar, meir eller mindre formaliserte - for ivaretaking av dette samfunnsoppdraget. Sett frå den profesjonelle utøveren sitt perspektiv, er ein slik kodeks handlingsretteiande. Sett frå oppdragsgjevaren sitt perspektiv - og oppdragsgjevaren er vi som samfunnsborgarar - er ein slik kodeks imidlertid ikkje handlingsretteiande. Han er i staden i sjå på som ein mekanisme for institusjonalisert indre mistillit (Luhmann 1996; Hardin 1999; Harré 1999, Potter 2002; Grimen 2005) - eller intern sjølvjustis - forvalta av profesjonen sjølv som samanslutning. Denne mekanismen er ein garantist for at oppdragsgjevaren får det han har krav på. Det har vore sentralt i moderne samfunn at denne mekanismen primært er profesjonsintern, ikkje profesjonsekstern, sjølv om det er store variasjonar mellom samfunn her. Til samfunnsoppdraget høyrer det å halde orden i eige hus, "Selbstzwang" og ikkje "Fremdzwang", som Norbert Elias (1994) ville uttrykke det. Men det er ikkje noko uungåeleg ved dette. Det er fullt tenkbart - og ein del tendensar peikar i denne retninga, mellom anna det som vert kalla "the new accountability" og "the audit society" (O'Neill 2001; Forster 19) - at åtferda til personar som vi i dag kallar profesjonelle kan bli kontrollert av profesjonseksterne instansar. Det er viktig å sjå at det som i så fall først og fremst vert endra, er det politiske grunnlaget for profesjonsmoraler. Samfunnsoppdraget sine vilkår vert endra, og med det samfunnsoppdraget sjølv. Frå ein profesjonsetisk synsstad er det difor politikken i "the new accountability" og i "the audit society" som først og fremst må drøftast, og ikkje så mykje dei moralske kodeksane.

3. Det er oppdragsgjevaren sitt perspektiv på profesjonsmoralen som er det grunnleggande, ikkje den profesjonelle utøveren sitt perspektiv. Profesjonsmoraler finst og er

handlingsretteleiarande for profesjonelle fordi oppdragsgjeveren treng garantiar for at han får det han har krav på. Det er dette eg trur må styre drøftinga av det politiske grunnlaget for profesjonsetikkar.

4. Om profesjonsmoral

Profesjonsmoralske problemstillingar er moralske problemstillingar som reiser seg i profesjonell yrkesutøving, gjeve dei føresetnadene som eg har drøfta ovanfor Profesjonsmoral er dei normer og verdiar som vert brukt som rettesnorer for å løyse slike problem, eventuelt òg for å unngå at dei oppstår. Profesjonsetikk er filosofisk drøfting og eventuelt grunngeving av løysingar på slike problemstillingar. Det synet på profesjonsmoral som det vert argumentert for i dette arbeidet, har følgjande trekk:

I. Ein profesjonsmoral definerer "the terms of cooperation" for ein kategori av yrkesutøvarar, til dømes lækjarar, sjukepleiarar, sosialarbeiderar eller psykologar. Dersom vi snakkar om det Freidson kallar "scholarly professions", dreier det seg primært om "the terms of cooperation" mellom dei profesjonelle. Eit døme på dette er forskingsmoralske retningslinjer. Dersom det gjeld det Freidson kallar "consulting professions", så dreier det seg om "the terms of cooperation" både mellom profesjonelle og mellom profesjonelle og klientane deira (Freidson 1988). Dette synet på profesjonsmoral som noko som definerer "the terms of cooperation" syner imidlertid at Freidson sitt skilje mellom typar av profesjonar er uskarpt. Forskingsmoralske retningslinjer inneheld paragrafar om god referanseskikk (samarbeid mellom profesjonelle, korleis forskarar kan bruke kvarandre sine arbeid), men òg paragrafar om korleis ein som forskar bør forhalde seg til dei eller det som vert utforska (til dømes reglane om anonymisering, lagring av data, om ikkje å påføre fysisk eller psykisk skade og liknande). Eit godt døme på dette er dei norske forskingsmoralske retningslinjene for samfunnsvitskap, humaniora og jus, som både seie noko om korleis forskarar bør omgåast

kvarandre og om korleis dei bør omgåast det eller dei som dei forskar på. Motsett inneheld profesjonsmoraliske retningslinjer ofte paragrafar både om korleis ein skal omgåast klientane og om korleis dei profesjonelle skal omgåast seg imellom (til dømes reglar for korleis kritikk av andre profesjonelle i same profesjonen skal framførast, som finst til dømes i psykologane sine retningslinjer).

2. Dersom vi skjønner profesjonsmoral som noko som definerer "the terms of cooperation" i denne tydinga, så vert det eit "indre", ikkje eit "ytre" tilhøve mellom profesjon og profesjonsmoral. Profesjonsmoralar vert konstitutive for ei organisasjonsform, nemleg det vi vanlegvis kallar ei kollegial organisasjonsform. Profesjonsmoralar legg ned vilkåra som definerer strukturen i ei kollegial organisasjonsform, eller variantar av ei kollegial organisasjonsform. For å uttrykke det med John Searle i litt omskriven form: Profesjonsmoralar regulerer ikkje berre handlingar. Dei konstituerer òg ei organisasjonsform (Searle 1969). Dette synspunktet står altså i motstrid med eit synspunkt som vil hevde at det er eit meir "ytre" tilhøve mellom profesjon og profesjonsmoral, at profesjonsmoral berre regulerer profesjonelle yrkesutøvarar sine handlingar. Profesjonsmoralar regulerer klårt handlingar. Men dei konstituerer òg organisasjonsformer. Men det står òg i motstrid med eit synspunkt som vil hevde at profesjonsmoralar berre er eit slags skin som har blitt laga for å fremje og verne bestemte yrkesgrupper sine eigeninteresser, eit synspunkt som er vanleg i profesjonskritisk litteratur. Begge desse synspunkta føreset nemleg at ein kan endre profesjonsmoral, eventuelt avskaffe profesjonsmoralen, og halde på yrkesgruppa si organisasjonsform. Men om konstitusjonsargumentet er rett, går ikkje dette. Kostnadene med å endre ein profesjonsmoral vert då identiske med kostnadene med å endre ei organisasjonsform. Kostnadene med å avskaffe ein profesjonsmoral vert identiske med kostnadene med å avskaffe ei organisasjonsform. Det føler av dette synet at profesjonsmoralar er noko som først og fremst er viktig i dei profesjonelle sin arbeidsorganisasjon, for å bruke Svensson sitt omgrep (Svensson 19...). Men det føler òg at dei profesjonelle sin fagorganisasjon – av typen Den norske Lægeforening eller Sykepleierforbundet – vert viktige for å skjønne korleis ein profesjonsmoral

fungerer. Profesjonsmoral skjøna som "terms of cooperation" i arbeidsorganisasjonen kan krevje profesjonsinterne institusjonar som har eit særskilt ansvar for handheving av profesjonsmoralen. Dette er ei av dei oppgåvene som fagorganiseringa i ein profesjon har. Det er kanskje det profesjonsmoraliske synspunktet som gjev oss det beste inntaket til å skjøne sameksistensen av ulike slags organisasjonsformer i ein profesjon.

3. I lys av dette synet vert profesjonsmoralar historiske storleikar. Dei har ei daterbar byrjing, og dei kan – i den forma som vi kjenner dei i dag – få ein slutt, dersom vi bestemmer oss for andre måtar å løyse dei problema på som vi i dag tiltrur moderne profesjonar. Profesjonsmoralar er like historiske som profesjonar er det. I den grad profesjonar er eit distinkt moderne fenomen, er òg profesjonsmoralar eit distinkt moderne fenomen. Profesjonsmoralar kan òg ventast å framvise historisk og kulturell variasjon. Dei skal variere med dei spesifikke utformingane som profesjonar får historisk og i ulike samfunn. Sjølv om det kan gjevast gode argument for at profesjonell arbeidsorganisering er ei organisasjonsform som framviser mange like trekk på tvers av historiske periodar og på tvers av ulike kulturar, så kan vi ikkje vente at alle trekka alltid og overalt vil vere dei same.

4. Profesjonsmoralar slik skjøna har òg eit politisk grunnlag, i den tydinga at legitimiteten deira som retningslinjer for styring av profesjonelle si yrkesutøving og omgang med kvarandre er avhengig av at "the professional claim" (Abbott 19.) har vunne politisk legitimitet. Det finst mange vegar fram til politisk legitimitet, og ulike profesjonar har vunne politisk legitimitet på ulike måtar. Men det er ikkje poenget her. Poenget er at, dersom en kategori yrkesutøvarar ikkje har oppnådd politisk legitimitet for sitt "professional claim", så vil vi ikkje kalle dei normer og verdiar som eventuelt styrer yrkesutøvarane sine handlingar for ein profesjonsmoral. At eit sett av normer og verdiar er ein profesjonsmoral føreset at "the professional claim" har oppnådd politisk legitimitet. Dette inneber òg at det mellom allmenmmoralen og eventuelt andre norm- og verdisystem som er verksame i dagleglivet og profesjonsmoralar ligg politiske prosesser, nemleg slike prosessar som fører til at "the

professional claim” oppnår politisk legitimitet. Det finst inga direkte linje frå allmenmoralen til profesjonsmoralar. Men allmenmoralen kan vere formalt relevant for profesjonsmoralar i den tydinga at dei politiske prosessar som fører til at ”the professional claim” oppnår legitimitet, må ha føregått innanfor allmenmoralen sine ramer. Og allmenmoralen kan vere substansielt relevant, i den tydinga at det kan vere krav i allmenmoralen – til dømes at naudstilte skal hjelpast – som fører til at måtar å hjelpe naudstilte på vert eit politisk problem ”in the first place”. Men frå det faktum at allmenmoralen kan krevje at naudstilte skal hjelpast fører ingen veg direkte til moderne profesjonar og dermed heller ikkje direkte til moderne profesjonsmoralar. Det er tenkbart at, om allmenmoralen krev at naudstilte skal hjelpast, så kan det finnast andre måtar å organisere hjelp på enn gjennom profesjonar av moderne type.

5. Om profesjonar

Det finst eit svært viktig spørsmål, der svaret i stor grad avgjer kva profesjonsmoral dreier seg om, og det er spørsmålet om kva det er som er profesjonsmoralar sine primærsubjekt: Er det einskildpersonar eller er det profesjonar skjøna som sosiale samanslutningar? Kven er berar av samfunnsoppdraget: Er det den einskilde profesjonelle yrkesutøvaren eller er det profesjonen skjøna som samanslutning? Alle kjende profesjonsmoralar har som sosiologisk utgangspunkt at ein profesjon er noko meir enn berre eit aggregat av einskilde yrkesutøvarar og at profesjonar er noko meir enn berre kunnskapsbaserte yrke. Det er imidlertid fullt tenkbart at vi kunne ha organisert det arbeidet som i dag er organisert gjennom profesjonar med utgangspunkt i at ein profesjon berre er eit kunnskapsbasert yrke og ikkje noko meir enn eit aggregat av einskildindivid. Det ville imidlertid òg ha gjeve oss andre typar av yrkesmoralar, og det ville ha hatt betydelige følgjer til dømes med omsyn til spørsmålet om korleis det skal førast kontroll med desse yrkesutøvarane sitt arbeid. Dersom ein profesjon er ei samanslutning, kan vi skjøne ein del av den kontrollen som må førast med profesjonelle sitt arbeid som ein internkontroll, som ein indre profesjonsbasert sjølvjustis bygt på kollegiale organisasjonsformer. Om

profesjonar berre er aggregat av einskildindivid, kan vi neppe skjøne kontrollen med profesjonelle sitt arbeid på denne måten.

Eg skal starte med nokre enkle distinksjonar.

1. Den første gjeld tre ulike måtar å skilje mellom profesjonar og andre yrkesgrupper på. Den første måten å skilje på, er *organisatorisk*: Profesjonar er, til skilnad frå andre yrkesgrupper, ein type yrke som har særigne organisatoriske drag. Dei er organisert som samanslutningar ("professional associations") med ei kollegial organisasjonsform i botnen. Den andre måten å skilje på, er *epistemisk*: Det som skil profesjonar frå andre yrkesgrupper, er primært kunnskapsgrunnet. Profesjonar bygger på vitskapeleg (eller sertifisert) kunnskap. Den tredje måten å skilje på, er *politisk*: Det som skil profesjonar frå andre yrkesgrupper, er primært at dei har vunne politisk legitimitet for "the professional claim". Desse tre måtane å skilje profesjonar frå andre yrkesgrupper på, kan kombinerast. Det klassiske profesjonsomgrepet (slik ein fann det hos til dømes Parsons, og slik ein enno finn det hos mellom anna Freidson) la vekt både på det organisatoriske, det epistemiske og det politiske. Ein del av deltakarane i profesjonalismedebattane synest imidlertid å vri fokus bort frå det organisatoriske og det politiske til det epistemiske åleine, som eg skal kome inn på nedanfor. Det vil vere mi tese at det er utilstrekkeleg å legge berre epistemiske kriterier til grunn for å skjøne kva ein profesjonsmoral er, slik moderne profesjonsmoralar fungerer.

2. Den andre distinksjonen går mellom **empirisk korrekte** skildringar av profesjonar og dei **teoretiske føresetnadene** som må leggest til grunn for å skjøne den særigne forma til ein profesjonsmoral. Spørsmålet om i kor stor grad profesjonar er autonome samanslutningar er eit empirisk spørsmål. Svaret på spørsmålet er at i ein del land, særleg i den anglosaksiske verda, har profesjonar tradisjonelt vore relativt autonome samanslutningar, med utstrakt indre sjølvstyre. I andre land, til dømes i Skandinavia, har profesjonar hatt relativt sett mindre autonomi og i større grad vore underlagde ulike slags eksterne tilsyn.

Profesjonsmoral, slik vi skjønner det i moderne samfunn, er imidlertid teoretisk sett bygd på tanken om at profesjonar er autonome samanslutningar, av grunnar som eg skal kome til, uavhengig av om dette er empirisk korrekt eller ikkje.

3. Den tredje distinksjonen går mellom to måtar som tanken om at profesjonar er eller bør vere autonome samanslutningar kan utfordrast på. Denne tanken kan utfordrast **sosiologisk**. Det kan tenkast at empiriske studier viser at profesjonar er autonome samanslutningar i langt mindre grad enn vi trur. Men denne tanken kan óg utfordrast **politisk**. Det kan vere eit politisk prosjekt å undergrave profesjonane som autonome samanslutningar. Eg trur utfordringa frå neoliberalismen mot profesjonane er av denne typen.

Grovt sagt er det mi oppfatting at profesjonsmoral krev at vi avgrensar profesjonar frå andre yrkesgrupper organisatorisk, og ikkje berre epistemisk. Profesjonar er kunnskapsbaserte yrke, men dei er òg noko meir enn det. Ei epistemisk avgrensing er utilfredsstillande som grunnlag for å skjønne kva profesjonsmoral er, fordi ho ikkje kan gjere greie for det som har vore særlege ved moderne profesjonar, nemleg større eller mindre indre sjølvkontroll i forvaltinga av eit samfunnsoppdrag. Men det tyder óg at det teoretiske fundamentet for profesjonsmoral kan vere i utakt med den empiriske røyndomen, om profesjonar ikkje er autonome samanslutningar. Og det tyder at politiske prosjekt som har som mål å undergrave profesjonar som autonome samanslutningar, óg vil undergrave grunnlaget for profesjonsmoral slik vi skjønner det i dag. Det er den reelle utfordringa frå neoliberalismen.

Spørsmåla om profesjonar er samanslutningar eller ikkje, kva slags samanslutningar dei eventuelt er, og om vi er på veg frå ein periode der profesjonar var samanslutningar til ein periode der dei ikkje lenger kan sjåast slik, er empiriske sosiologiske og historiske spørsmål. Ein skulle tru - og mange vil meine - at slike sosiologiske og historiske spørsmål ikkje er relevante for etikken. Men om profesjonsmoral har eit politisk grunnlag, og om det er slik at

profesjonsmoral definerer "the terms of cooperation" profesjonelle imellom, er slike spørsmål derimot høgst relevante. Dei er relevante fordi dei går inn i kjerna på dei empiriske vilkåra for den politikken som profesjonsmoral bygger på.

Det klassiske profesjonsomgrepet - slik ein finn det til dømes hos Parsons (19) - inneber at profesjonar er samanslutningar. Profesjonar vert avgrensa både organisatorisk og epistemisk. Ein klassisk måte å definere profesjonar på er å seie at ein profesjon er eit sosialt fellesskap som forvaltar eit yrkesområde organisert som eit yrke på ein marknad (Høstmark Tarrou 2004, 55). Dette er i si rot ein weberiansk måte å definerer profesjonar på, med utgangspunkt i Weber sin ide om at profesjonar er "Erwerbsklassen" (Weber 1976, s.), som lever av å monopolisere talen og kunnskap på ein marknad. I klassisk profesjonsteoretisk litteratur vart profesjonar ofte omtala som "professional associations" (Millarson 19). Andre element i ei slik oppfatting er at profesjonar har monopol på rekruttering til og utøving av eit yrke, og at dei har ein type autonomi. Profesjonar har dessutan eit samfunnsoppdrag. Samfunnsoppdraget legitimerer dei andre trekk: profesjonell autonomi, monopol på yrkesområdet i kraft av utdanning, kontroll over eiga utdanning, kontroll over eine arbeidsvilkår og liknande. Samfunnsoppdraget krev visse ting av profesjonane, mellom anna at eigeninteresser vert haldne i sjakk. Om eg skjønar kjerna i dette profesjonsomgrepet rett, er samfunnsoppdraget gjeve til profesjonen som samanslutning ("association"), og ikkje til dei profesjonelle som einskildindivid. Den einskilde profesjonelle sitt ansvar for å forvalte samfunnsoppdraget er eit delegert ansvar. Det er eit ansvar han eller ho får som medlem i ei profesjonell samanslutning, eller som kvalifisert partner i ein kollegialt basert organisasjon. Det er imidlertid uklårt korleis vi skal skjøne "association" her. Den norske lægeforening er ein profesjonsorganisasjon som òg har trekk i seg av ein fagforening. Men vi kan neppe redusere den medisinske profesjonen til fagorganisasjonen åleine. Og det er neppe Den norske lægeforening som er den eigentlege beraren av det samfunnsoppdraget som lækjarar har. Dette vert tydelegare når det gjeld andre profesjonar, der fagorganisasjonane vanlegvis er veikare en lækjarane sin fagorganisasjon. På den andre sida kan det vere problematisk å skjøne profesjonen som "a community", kanskje

særleg om vi med Rawls meiner at "a community" må ha ei sams verdsåskoding (Rawls 1993). Lækjarar har neppe noko særleg meir sams enn utdanninga og det at dei har avlagt den hippokratiske eden og dermed har ein profesjonsmoral sams. Og sjølv om moderne profesjonar nok ber i seg visse trekk av det klassiske laugsvesenet, så er det andre ting som skil dei dramatisk frå dette, mellom anna måten profesjonelle vert utdanna på. Det klassiske laugsvesenet var bygt opp omkring såkalla meisterlære (Kvale 1998). Moderne profesjonsutdanningar har meir eller mindre totalt frigjort seg frå den klassiske meisterlæra. I klassisk profesjonsteori vart det understreka at dei moderne profesjonane er vitkapsbaserte, ikkje baserte på praktisk meisterlære.

Denne måten å skjønne profesjonar på har fått mykje kritikk, utan at eg skal ta det opp her. Eitt element i kritikken gjeld realismen i denne måten å skjønne profesjonar på i moderne samfunn. Eit anna element i kritikken går på at oppfattinga er naiv i høve til profesjonar og profesjonelle yrkesutøvarar sine eigeninteresser. Det som imidlertid synest vere særlege med dei nyare profesjonalismedebattane er at det i beste fall er uklårt om dei går laus på sjølv kjerneideen, nemleg at profesjonar er samanslutningar - "associations". Ein del av debattantane synest å gå over frå ein organisatorisk og epistemisk måte å avgrense profesjonar på til ein meir rein epistemisk måte. Det kan få store følgjer for kva profesjonsmoral er og kva som er grunnlaget for profesjonsmoralen. Om profesjonar er samanslutningar, er profesjonsmoral først og fremst eit sett av normer og verdiar for ei samanslutning av yrkesutøvarar. Det er samanslutninga - til dømes lækjarprofesjonen eller advokatprofesjonen - som er profesjonsmoralen sin primære adressat, i den tydinga at det er samanslutninga som har fått samfunnsoppdraget og som i siste instans har ansvaret for at oppdraget vert utført på eit moralsk sett fullnøydande vis. Den individuelle yrkesutøvararen har eit moralsk ansvar for samfunnsoppdraget som medlem av ei samanslutning. Og det er samanslutninga som har det primære ansvaret for å halde dei einskilde yrkesutøvarane sine eigeninteresser i sjakk. Kontrollen med eigeninteresser (og andre ting) er institusjonell, ikkje primært individuell. Og han er primært intern, ikkje ekstern.

I Julia Evetts sin oversiktsartikkel over profesjonalismedebattane (Evetts 2003) er det imidlertid uklårt om profesjonar vert oppfatta som samanslutningar, av minst to grunnar. Først, ho synest å definere ein profesjon først og fremst som ein yrkeskategori, der det særleg ligg i desse yrka sin kunnskapsbasis (vitskapleg kunnskap). Vekta vert lagd på at profesjonar er ein særleg type kunnskapsbaserte yrke. Avgrensinga er primært epistemisk. Dette utelukkar ikkje at profesjonar er samanslutningar óg. Men det er heller ikkje inkludert blant kjenneteikna deira at dei er det. For det andre ser ho ikkje noko poeng i å trekke ei linje mellom profesjonar og andre kunnskapsbaserte yrke. I den grad det går ei grense mellom lækjarar og sveisarar, er grensa ein funksjon av ulikskapar i kunnskapsgrunnlaget og ikkje ein funksjon av organisasjonsmåte. Det går dermed inga klår grense mellom yrke der utøvarane sine eigeninteresser må haldast i sjakk og yrke der det kan vere relativt stort spelerom for eigeninteresser. IT-konsulentar i ei databedrift utøver óg eit kunnskapsbasert yrke. Men det står dei i og for seg fritt til å forfølge eigeninteressene innanfor dei ramene som ein marknad set. Dersom ein profesjon er ei samanslutning med eit samfunnsoppdrag og det samfunnsoppdraget krev at dei som har fått oppdraget held eigeninteresser i sjakk, er ein profesjon óg ein mekanisme for kontroll av eigeninteresser. Som slik er han då også ein mekanisme for institusjonalisert intern mistillit. Det er profesjonen som bærer av det moralske ansvaret og som eigen internkontrollør som må halde styr på utøvarane sine eigeninteresser. I den grad det oppstår mistanke om at profesjonen ikkje held orden i eige hus - ein mistanke som oppstår jamnleg i relasjonen mellom lækjarar og lækjemiddelindustrien - er profesjonen i byrjinga på ei legitimitetskrise.

Etter mitt syn er spørsmålet om profesjonar er samanslutningar eller ikkje det sosiologiske kjernespelet når det gjeld vilkåra for den politikken som profesjonsmoral må bygge på i moderne samfunn. Om profesjonar er samanslutningar, gjev det meining å seie at dei har eit samfunnsoppdrag, og at den individuelle profesjonelle yrkesutøvararen har eit moralsk ansvar som medlem av ei samanslutning med eit slikt oppdrag. Den individuelle yrkesutøvararen sitt ansvar kan skjønast som resultatet av ei to-stegs delegering. Om profesjonar ikkje er

samanslutningar, kan ein ikkje skjøne grunnlaget for den individuelle utøveren sitt ansvar på denne måten. Om profesjonar var samanslutningar, men det er eit politisk prosjekt å bryte ned slike samanslutningar, er dette eit politisk prosjekt som anten tek sikte på å reforhandle samfunnsoppdraget, eller, alternativt, å kvitte seg med ideen om at visse samanslutningar kan ha slike samfunnsoppdrag i det heile.

6. Profesjonsmoral og sjølvjustis

Ei sentral antaking i dette arbeidet er at det er ein indre samanheng mellom profesjon og moral, i den tydinga at profesjonsmoralar definerer "the terms of cooperation" mellom profesjonelle i kollegiale organisasjonsformer og mellom dei og klientane deira. Eg har òg sagt at i motsetnad til allmenmoralen, så er profesjonsmoralar heteroteliske: Dei har eit føremål utanfor seg sjølve. Dette reiser et viktig spørsmål: Kva er eigentleg føremålet med profesjonsmoralar? Den tesen eg her skal forsvare er at profesjonsmoralar i moderne tyding er kjerna i kollegiale organisasjonsformer sin indre sjølvjustis. Poenget med indre sjølvjustis er å halde dei ting i sjakk som kan truget at oppdragsgjevaren får det han har krav på å få, i dette tilfellet dei tenestene som profesjonane yter overfor oss som samfunnsborgarar. Dette er sjølvsagt ikkje alt som er å seie om profesjonsmoralar, men det er ein viktig del av det som er å seie om føremålet med slike moralske normer og verdjar.

Profesjonsmoralar har, som sagt, har eit politisk grunnlag. Vi må skjøne politikken for å skjøne moralen. Det vert feil å sjå på ein profesjonsmoral - til dømes lækjarar, sjukepleiarar, psykologar, advokatar eller revisorar sine moralske kodeksar - som spesielle forlengingar av allmenmoralen. Grunnen til at det vert feil, er ikkje først og fremst at det finst mange profesjonsmoraliske normer som ikkje har analoge normer i allmenmoralen. Mange profesjonsmoraliske normer og verdjar er faktisk ganske analoge med allmenmoralen, sjølv om dette ikkje gjeld andre normer og verdjar. Grunnen er at det først og fremst er det

politisk grunnleggende samfunnsoppdraget som motiverer profesjonsmorske normer og verdier. Slike moralske kodeksar ville ikkje ha eksistert, dersom ikkje samfunnsoppdraget hadde eksistert og legitimert verksemda. Det vert òg feil å skjønne profesjonsmoral som forlengingar av religiøse normer og verdier, sjølv om det i historisk tyding har vore ein nær samanheng mellom utviklinga av visse yrkesmoralar og religiøse verdier. Sjukepleien er eit døme på dette. Profesjonane sine oppdrag er ikkje av religiøs karakter, og religiøse verdisystem har berre perifer interesse i høve til dei sentrale profesjonsetiske problemstillingane. Alle moralfilosofiske system som ikkje har rom for at moral kan bygge på politikk, vil også kome skeivt ut som grunnlag for å skjønne kva ein profesjonsmoral er.

Ein enkel måte å få fram dette poenget på, er å spørje, ikkje kva profesjonsmorske normer og verdier tyder for profesjonelle yrkesutøvarar, men kva dei tyder for meg som samfunnsborgar. Kvifor bør eg – som vanleg samfunnsborgar – vere oppteken av om dei profesjonane eg møter på vegen min gjennom livet, faktisk har fungerande profesjonsmoralar? Kvifor bør eg vere oppteken av at dei kan utøve adekvat indre sjølvjustis? Som samfunnsborgar er eg potensiell pasient, potensiell brukar eller potensiell klient for mange profesjonar. Og eg er - saman med dei andre samfunnsborgarane - profesjonane sin oppdragsgjevar. For meg som samfunnsborgar er fungerande profesjonsmoralar først og fremst eit vern - som rett nok ikkje er perfekt - mot til dømes slike ting som:

- a. Subversive hensikter
- b. Illegitim forfølging av eigeninteresser
- c. Illegitime interessesamanblandingar
- d. Illegitim politisering
- e. Perverse insentiv
- f. Lågt fagleg nivå, manglande oppdatering av kompetanse, det at eg i fagleg tyding ikkje får det eg har krav på.
- g. Vern mot å bli fysisk eller psykisk skada
- h. Illegitim spreiding av informasjon om meg sjølv.

Denne lista er ikkje komplett. Lista si konkrete utforming vil vere avhengig av profesjonen sitt samfunnsoppdrag. Eg skal kort kommentere nokre av punkta på henne.

Ein kan, til dømes - og etter mitt syn heilt legitimt - spørje om studentar har eit krav på høgare utdanningsinstitusjonar som ikkje har innebygde perverse insentiv med omsyn til kvaliteten på utdanninga. Perverse insentiv er - i denne samanhangen - insentiv som kan freiste elles kvalitetsmedvitne lærarar til å senke kvalitetskrav for å stette andre krav. Når studentar er stykkprisfinansierte og institutta ikkje er finansierte gjennom faste grunnløyvingar, men ut frå gjennomstrøyminga av studentar, oppstår eit problematisk tilhøve mellom finansiering og kvalitet, dersom høgare utdanningsinstitusjonar har eit samfunnsansvar. Freistinga kan bli for stor til å senke kvaliteten for å berge økonomien. Det er, som Albert Hirschmann har peika på, store ulikskapar mellom å konkurrere på grunnlag av pris og på grunnlag av kvalitet (Hirschmann 1971). Når kvalitet og pris møtest på uheldige måtar, kan perverse insentiv undergrave kvaliteten til føremon for prisen. Ei drøfting av slike perverse insentiv i utdanningsinstitusjonar – som i andre institusjonar - er eit sentralt stykke profesjonsetikk. Grunnen er at perverse insentiv rører ved det sosiologiske grunnlaget for den politikk som profesjonsmoralar kviler på, nemleg vilkåra for å kunne gjennomføre samfunnsoppdraget. Perverse insentiv kan øydelegge gjennomføringa av samfunnsoppdraget trass i dei beste hensikter.

Illegitim forfølging av eigeninteresser og illegitime interessesamanblandingar er eit anna problem som ein kan støyte på i møtet med profesjonelle. Lækjarar vert ofte ankla for dette, særleg når det gjeld tilhøvet deira til den medisinske industrien. Dersom eg veit at den faste lækjaren min jamnleg er på smørjeturar betalt av eit stort medisinsk firma, så har eg ein grunn til å vere skeptisk til at dei medisinane han gjev meg, faktisk er dei beste som er tilgjengelege på marknaden, særleg om han stadig gjev meg medisinar som er laga av det same firmaet som betalar smørjeturane hans. Men det finst òg interessesamanblandingar av meir subtil karakter i medisinen. Ein av anklagene mot Jon Sudbø er at han ikkje skilde mellom forskning og klinisk

verksemd og brukte pasientopplysningar frå klinisk verksemd i forskning utan å få informert samtykke frå pasientane. Same type kritikk vart retta mot ein del lækjarar i Saugstad-saka (Hustad 2006). Dersom eg veit at den advokaten eg brukar i kampen mot eit forsikringsselskap ofte har teke på seg store oppdrag for det same firmaet, så har eg ein grunn til å tvile på at advokaten vil gjere sitt beste for meg. Det kan tenkast at han ikkje vil gjere det, fordi han er redd for å misse framtidige oppdrag frå forsikringsselskapet.

Subversive hensikter er kanskje eit mindre problem i møtet med profesjonar. Men det kan vere at profesjonelle forføl agendaer som er heilt andre enn dei brukarane har, og som er slik at, dersom dei vert gjennomføre, så kan dei vere til stor skade for brukarane.

Til sist, møtet med mange profesjonar – den medisinske profesjonen er det fremste dømet – er faktisk slik at ein risikerer betydelege fysiske og psykiske skader, dersom dei profesjonelle ikkje opptrer nok aktsamt. Så, som klient for desse profesjonane har eg all grunn til å spørje meg sjølv om dei profesjonelle har tilstrekkeleg orden i sitt eige hus til at eg kan kjenne meg rimeleg trygg i møtet med dei.

Poenget er at, frå mitt perspektiv som samfunnsborgar gjev ei slik liste berre god meining som ein serie krav eg har til nokon som har som samfunnsoppdrag å tene mine (legitime) interesser, anten desse interessene dreier seg om handsaming, omsorg og pleie under sjukdom, eller om rett til hjelp for å få ein rettviss rettargang. For den profesjonelle utøveren av eit yrke er slike normer og verdiar retningslinjer for handling og for korleis moralske problem og dilemma bør møtast dei profesjonelle imellom og mellom profesjonelle og klientane. For at dei skal kunne omgåast klientane på ein god måte, må dei òg ofte kunne omgåast kvarandre på ein god måte. For meg som samfunnsborgar er slike normer og verdiar imidlertid ikkje handlingsretteleiar. I staden er dei å oppfatte som mekanismar for inder sjølvjustis eller internkontroll, eller som mekanismar for institusjonalisert indre mistillit i profesjonen skjønna som ei samanslutning. Eg har ein grunn til å lite på profesjonelle utøvarar av eit yrke i den grad

eg har grunn til å tru at profesjonen som samanslutning held orden i eige hus og handlar i samsvar med samfunnsoppdraget. Og det er samfunnsborgarane sitt perspektiv som er det primære når det gjeld profesjonsmoralar, ikkje dei profesjonelle utøvarane sitt perspektiv. Profesjonelle er moralske subjekt for eit særlege sett av moralske normer og verdiar fordi dei er i eit oppdrag overfor meg og andre samfunnsborgarar, eit oppdrag gjeve av meg og andre samfunnsborgarar gjennom samfunnet sine politiske institusjonar.

Ein del profesjonsmoraliske prinsipp er direkte utforma slik at dei skal verne mot ting nemnde på lista ovanfor. Childress og Beauchamp sine prinsipp om å autonomi og om ikkje-skade har ei slik utforming. Det same gjeld psykologar sine retningslinjer mot seksuell kontakt mellom terapeutar og klientar. Men slike prinsipp fungerer òg innafor større ramer av prinsipp som har det same føremålet. Ein del av desse prinsippa er lovfesta, som til dømes teieplikta og Forvaltningslova sine reglar om habilitet.

Det finst fleire, delvis beslekta, synspunkt på korleis ein kan skjønne slik indre sjølvjustis. Det perspektivet eg legg an her, er dette: Dersom profesjonsmoralar definerer "the terms of cooperation" profesjonelle imellom og mellom profesjonelle og klientane deira, så er indre sjølvjustis ein del av "the terms of cooperation" i kollegiale organisasjonsformer. Denne indre sjølvjustisen har betydeleg slektskap med minst fire fenomen, som har vore oppe til diskusjon i moderne politisk og sosiologisk teori. For det første har han betydeleg slektskap med det som Steven Holmes kallar for "gag rules" og den type sjølvbindingsproblematikk som Jon Elster drøftar med Odyssevs som døme (Holmes 1988; Elster 1979). For det andre har han betydeleg slektskap med det Rom Harré kallar "practices of distrust" (Harré 1999, Potter 2003). For det tredje har han betydeleg slektskap med det Niklas Luhmann kallar institusjonalisert upersonleg mistillit (Luhmann 2005, Mortensen 1999, Grimen 2005). Til sist, han har betydeleg slektskap med det Norbert Elias drøftar som ulikskapen mellom "Fremdzwang" og "Selbstzwang" (Elias 1994). Kollegiale organisasjonar må binde seg sjølve, fordi i utgangspunktet er det ingen andre som bind dei, eventuelt kan binde dei. For profesjonar

er det i utgangspunktet et uklårt tilhøve mellom "Fremdzwang" og "Selbstzwang". Profesjonar har i utgangspunktet ein betydeleg de facto autonomi, sidan dei forvaltar ein type kompetanse som dei er åleine om å ha, og som difor berre vanskeleg kan kontrollerast eksternt. Dette gjeld òg oppdragsgjevarane. Oppdragsgjevarane har her overlata forvaltninga av ein type kompetanse som dei treng, men som dei sjølve ikkje har, til ei gruppe yrkesutøvarar. Ein måte å binde seg sjølv på, er å institusjonalisere reglar og prosedyrer som er slik at dei uttrykker det Luhmann kallar institusjonalisert upersonleg mistillit til profesjonen sine eigne medlemmar. Slike reglar og prosedyrer treng ikkje vere eit uttrykk for eit spesielt negativt menneskesyn. Det rekk for å grunngje dei at det ikkje alltid er like enkelt å opptrå aktsom, at det ikkje alltid er like enkelt å halde ulike interesser og rollar frå kvarandre og liknande. Dessutan kan det finnast "brotne kar" i einkvar institusjon.

Institusjonalisert upersonleg mistillit er eit interessant, men vanskeleg fenomen. Det er ikkje personleg mistillit til kvar einskild av medlemmane i profesjonen. Det er meir å skjøne som profylaktiske tiltak som skal hindre at profesjonen sine medlemmer går i feller som dei som oftast ikkje går i, men som dei av og til – av ulike grunnar – kan hamne i. For at institusjonalisert mistillit skal oppfattast som upersonleg av dei som vert utsette for han, må han ramme likt: Prosedyrane må vere slik inretta at dei rammer alle av ein bestemd kategori, eller dei rammer alle som hamnar i ein bestemd type situasjon. Om institusjonalisert mistillit rammar ulikt, kan han lett forvandle seg til personleg mistillit, eller det Onora O'Neill kallar "cultures of suspicion" retta inn mot bestemte grupper eller personar (O'Neill 2002). All sjølvbinding føreset truleg former for mistillit. Når Odyssevs får mannskapet til å binde seg til masta for å ikkje la seg lokke av Sirenene sin sang, er grunnen at han mistrur sine eigne evner til å motstå sungen. Når grunnlovsgjevande forsamlingar bygger inn reglar i grunnlova som gjer at ho vert vanskelegare å endre enn vanlege lover, så er grunnen mellom anna at dei mistrur nasjonalforsamlinga sine evner til å stå imot sterke stemningsbølger i folket. I det norske systemet må framlegg til grunnlovsendringar gjennom eit Stortingsval før dei kan vedtakast. Dei kan ikkje vedtakast av det same Stortinget som føreslo dei. Ei viktig antaking er då at

stemningsbølger kan ha kjølna noko i mellomtida. Når personar som vil slutte å røyke avlegg nyttårslofte om dette, så gjer dei det offentleg på ein måte som gjer at dei taper andlet om dei ikkje held løftet. Det er ein type "gag rule" som føreset at dei mistrur sine egne evner til å stå imot røykesuget. Dei lagar seg reglar som er slik at dei skaffar seg sjølve ein type sosialt tilleggspress.

Skjøna som mekanismar for intern sjølvjustis og som ein del av "the terms of cooperation" profesjonelle imellom og mellom dei og klientane, så har profesjonsmoraliske normer og verdiar mykje den same rollen. Dei skal skjerpe ein type aktsemd og støtte opp under vilje og evner på ein slik måte at dei profesjonelle ikkje går i bestemte typar feller eller hamnar i bestemte typar vanskelege situasjonar. Dei skal hjelpe profesjonen til å halde orden i eige hus, og dei bygger på ein type mistillit til at dette kan skje utan slike normer og verdiar, utan at dette må skjønast som personleg mistillit til konkrete personar. Og dei skal signalisere utover til oppdragsgjevarar og klientar at profesjonen har interne mekanismar for å halde orden i eige hus. Dette er sjølv sagt ikkje alt som er å seie om profesjonemoraliske normer og verdiar, men det er ein viktig del av det som er å seie. Det går dermed ei linje frå det å ha fått eit samfunnsoppdrag, via kollegiale organisasjonsformer som er vanskelege å kontrollere eksternt, til at ein må halde ein bestemd type orden i eige hus for å kunne forvalte samfunnsoppdraget på ein fullnøyande måte.

7. Subsidiaritet og helseorganisering – eit døme

Poenget med dette er ikkje at profesjonsmoral alltid må ha dette grunnlaget eller denne rollen. Poenget er at moderne profesjonsmoralar – slik vi kjenner dei i dag – stort sett ser slik ut og har dette grunnlaget og denne rollen. Grunnen er at profesjonar er ein særeigen type sosialt fenomen, nemleg ein type samanslutningar bygd på kollegiale organisasjonsformer. Dersom vi skulle få ei utvikling som går i retning av å oppløyse eller svekke profesjonar som sosiale

samanslutningar av denne typen og innføre andre organisasjonsformer for å løyse mange av dei problema som profesjonane i dag er sette til å løyse, så ville òg profesjonsmoralen måtte endre seg. Denne måten å organisere problemløysing på er under sterkt politisk press, og ein del av presset går i retning av å ville oppheve eller sterkt avgrense profesjonell autonomi. Og det tyder nettopp svekking eller oppløysing av kollegiale organisasjonsformer. Noko av det viktigaste ein difor kan diskutere i profesjonsetikken er organisasjonsformer og tilhøvet mellom organisasjonsformer og profesjonsmoral.

Ein del av dei problemstillingane som eg nemnde på lista i det forrige avsnittet dreier seg om organisasjonsformer. Organisasjonsformer kan opne opp for slike ting som perverse insentiv og illegitime samanblandingar av interesser. Eg skal kort drøfte eit døme, som er instruktivt for ein diskusjon av tilhøvet mellom organisasjonsformer og profesjonsmoral (sjå òg Grimen 2006).

Eit svært interessant framlegg til omorganisering av det britiske helsevesenet (National Health Organization, NHO) vart presentert av Welsh og Pringle i *British Medical Journal* (Welsh og Pringle 2001). Framlegget står i ein liten leiarartikkel i tidsskriftet. Dei opnar med å seie at "In today's British health service the experiences of patients and the insights of doctors and nurses highlight demoralisation and fragmentation" (s. 177). Løysinga ligg i "correcting years of underinvestment, but the nature of that investment must be appropriate: new buildings and staff are not enough" (s. 177). Dei innfører så Robert Putnam (1993) sitt skilje mellom fysisk, menneskeleg og sosial kapital: "All three have been run down in the NHS since 1948" (s. 177). Men "the greatest loss over the past 50 years may have been in squandered social capital. Social capital consists of those social networks of mutual *trust* and the associated norms of reciprocity that made the NHS 'ours'. The NHS is essentially a national partnership between the citizens and those who work in it. For all partnerships the defining element is *trust* and generalized reciprocity - the willingness to contribute, confident that at time of need in the future there will support in return" (s. 177).

Poenget er at det oppsamlede kapitalunderskotet i helsevesenet ikke kan bli bøttet på gjennom berre å ta opp en dimensjon ved kapital. Politikarar må skjønne at sosial kapital er ein eigen og viktig dimensjon, som er minst like viktig som fysisk og menneskeleg kapital: "In the absence of trust and mutual obligation staff become mired in mistrust and self preservation" (s. 177). Dessutan, "managers need to understand why the NHS's social capital has been eroded. Organizational and management structures grounded in market economics have undermined the community's sense of shared ownership. A hospital positioned 20 miles from the surrounding towns may make exquisite economic sense but ignores the social capital" (s. 177-178). Hovudpoenget her er at "The social responsibility of doctors, nurses, and other staff - their professionalism - is devalued by focussing primarily on economic and performance accountability" (s. 178). Til sist, politikarar og administratorar "must rethink organizational roles, nurturing the principle of subsidiarity. Decision making should be located as closely as possible to the place where actions are taken. The performance of organizations is most effectively governed when subsidiarity is applied" (s. 178).

Hovudpoenga i analysen synest å vere desse: NHS har vore systematisk underfinansiert sidan krigen. Dette har medført at både lækjarar og pasientar kan merke demoralisering og fragmentering. Det største tapet har vore i sosial kapital, dvs. i tillit og generell resiprositet. Dette er viktig, fordi NHS er eit partnerskap, der det er essensielt at "vi" opplever NHS som "vårt". Ein viktig del av dette er at tillit og generell resiprositet - viljen til å bidra, i tiltru til at om ein sjølv skulle trenge hjelp i framtida, "there will be support in return" - har forvitra. Organisasjons- og styringssystem grunna i marknadsøkonomien har underminert samfunnet si kjensle av "shared ownership". Løysinga på dette er ikkje berre å pøse inn meir utstyr (fysisk kapital) og folk (menneskeleg kapital), men å gjenopprette nettverk basert på tillit og generell resiprositet. Fokus kun på det økonomiske og på "performance accountability" devaluerer dei profesjonelle sitt sosiale ansvar og profesjonaliteten deira. Welsh og Pringle foreslår at politikarar og administratorar må innføre subsidiaritetsprinsippet, for avgjerder bør bli lokalisert så nær som mogleg til den staden der handlingar vert utførde.

Eg skal kort skissere kva denne løysinga inneber, og går då ut over Welsh og Pringle sin artikkel. Welsh og Pringle føreslår subsidiaritetsprinsippet som eit alternativ til ein organisasjons- og styringsmodell som bygger på "economic and performance accountability". Utan at dette vert sagt, tenker dei her truleg anten på "New Public Management" generelt eller på evidensbasering meir spesielt. Begge bygger på "performance accountability", "New Public Management" bygger i tillegg på "economic accountability". Begge har dessutan i tillegg det ved seg at dei opererer med profesjonseksterne evalueringskriterier, kriterier som uttrykker mistillit til profesjonane sine evner og vilje til å halde orden i eige hus. Profesjonsekstern "performance accountability" vil stri mot tanken om profesjonell autonomi, både på institusjonelt og individuelt nivå. Og det vil undergrave kollegiale organisasjonsformer. Det interessante med dette framlegget - som har vekt lite debatt - er for det første at det er politisk og at det føreslår ei organisatorisk ordning som kan få dramatiske følgjer. Men for det andre er det imidlertid eit døme på ein type framlegg som ein bør drøfte i profesjonsetikken, men som ein ikkje kan drøfte fornuftig utan også å drøfte politikken som ligg bak det. Subsidiaritetsprinsippet er sentralt i katolsk sosialfilosofi, og det spelar ein viktig rolle i EU-jusen, då som eit argument for bestemte former for føderalisme. I EU-jusen er dei anna, meir standard, tolking av prinsippet som vert lagt til grunn, nemleg at avgjerder skal lokaliserast på lågast mogleg kompetansenivå.³ Welsh og Pringle si tolking av det er difor ikkje den einaste moglege.

I den tolkinga som Welsh og Pringle legg til grunn, er etter mitt syn det viktigaste punktet det som vert kalla "the place where actions are taken". For at prinsippet skal kunne fungere, må det vere mogleg å lokalisere handlingar (eller oppgåver) til bestemte "plassar". I EU-systemet vil dette typisk vere omstridd. Skal til døme dei oppgåvene som må løysast for å få miljøproblema under kontroll, lokaliserast på nasjonalstatleg eller på mellomstatleg nivå?

³ Ein annan måte å formulere prinsippet på, er denne: "nothing should be done by a larger and more complex organization which can be done as well by a smaller and simpler organization. In other words, any activity which can be performed by a more decentralized entity should be." (Bosnich 1996, s. 1).

Typisk vil dette krevje anten ein type konsensus eller ein type avgjerd. Ein alternativ måte å lokalisere handlingar i høve til plassar på vil vere å seie at visse oppgåver høyrer "naturleg" heime på den eller den "plassen", andre oppgåver høyrer "naturleg" heime på andre plassar. I så fall ligg det ein aristotelisk problematikk under prinsippet: Prinsippet føreset ein slags aristotelisk kosmologi der oppgåver har "naturlege" plassar: Visse oppgåver høyrer naturleg heime i familien, andre oppgåver høyrer naturleg heime i staten. Å tolke prinsippet aristotelisk eller å tolke det i retning av konsensus- eller avgjerdsbasering når det gjeld å knyte oppgåver til "plassar", har betydelege konsekvensar for korleis prinsippet i praksis vil fungere.

I aristotelisk tolking vil prinsippet fungere som eit prinsipp for vertikal maktspreiing. Det vil delegere avgjerdsrett nedover, men det vil ikkje eintydig delegere all avgjerdsrett mot botnen av eit hierarki. Det vil spreie avgjerdsrett vertikalt langs ein kosmologisk grunngevingakse. Ein aristotelisk kosmologi er hierarkisk oppbygd, slik at ulike oppgåver vil ha sin "naturlege" plass på ulike nivå i hierarkiet. Systemet er velfungerande om alle oppgåver vert løyste på det nivået der dei "naturleg" høyrer heime. Problemet med ei aristotelisk tolking av prinsippet er imidlertid at den aristoteliske kosmologien ikkje lenger er troverdig.

Tolkar ein grunnlaget for prinsippet meir moderne og hevdar at det føreset konsensus eller politiske avgjerder om på kva "plassar" ulike oppgåver høyrer heime, vert dei praktiske konsekvensane av å innføre prinsippet mindre føreseibare. Prinsippet vert også då eit prinsipp for vertikal maktspreiing. Men det kan ikkje lenger bygge på ein uproblematisk tanke om at oppgåver og plassar har ein kosmologisk grunngevingssamanhang som er heva over politikken. Skil vi mellom eit regionalt nivå, eit statleg nivå og eit mellomstatleg nivå, vil den maktdeilinga mellom desse nivåa som prinsippet fører til, vere avhengig av kva avgjerder som allereie har blitt tekne om kvar oppgåve høyrer heime. Vert mange oppgåver lagde på regionalt nivå og ein del på mellomstatleg nivå, vil prinsippet truleg føre til svake nasjonalstatar og sterke regionar. Vert det gjort omvendt, får vi ein sterk overstatleg organisasjon i kombinasjon med svake nasjonalstatar og svake regionar. Blir for mange oppgåver lagde til det nasjonalstatlege

nivået, vil det truleg medføre både svak regionalisering og svake mellomstatlege institusjonar. Om for mange oppgåver får sin plass på toppen av eit hierarki, vil ein svært topptung organisasjon bli resultatet. Får for mange handlingar får sin plass på botnen av eit hierarki, vert eit fragmentert lokalstyre, i kombinasjon med svak sentral leiing og manglande makt på mellomnivå resultatet. Om dei fleste oppgåver får sin plass på toppen og på botnen av eit hierarki, får vi ein kombinasjon av sterk topp-makt og sterk regionalisering. EU er eit døme: Dei sentrale EU-organa får meir og meir makt, og regionaliseringa blomstrar samstundes. Men det nasjonalstatlege nivået, som ligg i midten, vert svekka. Om for mange oppgåver får sin plass i midten av eit hierarki, får vi truleg sterk byråkratisering i midten i kombinasjon med svak leiing og svakt lokalstyre. Subsidiaritetsprinsippet, i Welsh og Pringle si tolking av det, spreier makt til å ta avgjerder etter ein ide om kvar dei relevante oppgåvene bør utførast. Den politiske debatten, gjeve at prinsippet vert innført, vil difor primært måtte stå om dette: På kva nivå bør den eller den oppgåva utførast?

Brodden i Welsh og Pringle sitt framlegg ser vi dersom vi spør kva profesjonelle yrkesutøvarar som er der helsefaglege handlingar vert utførde, eller nærast mogleg der slike handlingar vert utførde. Relevante helsefaglege handlingar er diagnostisering, handsaming, pleie og omsorg. Dei profesjonelle som er på den staden der slike handlingar vert utførde, eller som er nærast mogleg den staden, er lækjarar, sjukepleiarar, psykologar og ein variert skog av terapeutar. Å lokalisere avgjerdsrett på den staden der dei relevante helsefaglege handlingane vert utførde, inneber dermed å lokalisere avgjerdsrett til dei yrkesutøvarane som er på denne staden. Prinsippet om subsidiaritet kan i denne forma difor tolkast som eit sterkt forsvar for profesjonell autonomi for desse gruppene. Men det er eit forsvar som hos Welsh og Pringle bygger på ein ide om organisatorisk effektivitet, og ikkje på ein moralsk kodeks. Det er (trur eg) bygt på tanken om at ein organisasjon vil fungere best dersom dei som veit kvar skoen trykker, også er dei som er best i stand til å ta avgjerder om kva slags utbetringar skoen treng for at han skal trykke mindre.

Ei av dei problematiske sidene ved prinsippet i denne tolkinga er at det også kan sjåast på som eit forsvar for sterk ikkje-innblanding. Prinsippet har blitt brukt ikkje berre som forsvar for bestemte former for føderalisme, men også som eit argument å begrense velferdsstatsordningar. David A. Bosnich seier til dømes at: "This principle is a bulwark of a limited government and personal freedom. It conflicts with the passion of for centralization and bureaucracy characteristic of the welfare State" (Bosnich 1996, s. 1). Tanken er der at høgare nivå i eit organisasjonshierarki (eller i eit samfunn) berre skal løyse oppgåver som dei lågare nivåa ikkje er kompetente til eller ikkje greier å løyse sjølve. Om det finst oppgåver som det lågare nivået ikkje kan løyse sjølv, kan det høgare nivået handle "subsidiert", på vegne av det lågare nivået (derav namnet på prinsippet). Dette vert eit argument for å avgrense velferdsstatsordningar dersom ein kombinerer det med tanken om at moderne velferdsstatar i for stor grad har teke på seg å løyse oppgåver som individa er betre i stand til å løyse sjølve. Dei moderne velferdsstatane har teke på seg oppgåver som gjer at dei går langt ut over det å handle "subsidiært". Når det gjeld dei oppgåvene som eit nivå kan løyse sjølv, bør ikkje høgare nivå blande seg inn i kva som vert gjort. Denne tanken om ikkje-innblanding står sterkt i dei fleste variantar av føderalisme som vert grunngeivne med prinsippet.

Overført til organisering av helsevesenet inneber dette at høgare nivå berre skal handle "subsidiært" dersom det er oppgåver som lågare nivå ikkje kan løyse sjølve. Elles skal dei ikkje blande seg inn. Når prinsippet grunngeiv sterk profesjonell autonomi for dei yrkesutøvarane som står på den plassen der oppgåvene skal løysast, grunngeiv det samstundes ein ganske sterk tanke om at høgare nivå i helsevesenet ikkje bør blande seg inn i dei avgjerdene som vert tekne på denne plassen. Det sentrale normative problemet som innføring av prinsippet om subsidiaritet i helsevesenet reiser, er at det kan kome i strid med mange ulike former for "accountability". Det forsvaret for ikkje-innblanding som prinsippet kan brukast til å lage, er truleg så sterkt at det kan kome i konflikt både med profesjons-eksterne og profesjons-interne mekanismer for kontroll av profesjonelle yrkesutøvarar. Men det er ein annan diskusjon, som eg ikkje skal ta her.

8. Avsluttande merknader

Eg har i denne artikkelen freista å skissere eit syn på kva profesjonsmoral er, kva som er profesjonsmoralar sine grunnlag og kva som er den primære rollen deira. Dette synet er inspirert av klassisk profesjonsteoretisk litteratur, der det var eit definatorisk kjenneteikn ved profesjonsomgrepet at profesjonar har ein profesjonsmoral. Eg skal til slutt oppsummere desse synspunkta og indikere kva eg trur er dei viktigaste profesjonsetiske debattane i vår tid.

1. Ein profesjonsmoral er eit sett av normer og verdiar som er særskilt innretta mot å løyse moralske problem som oppstår i samhandlinga mellom profesjonelle yrkesutøvarar og mellom profesjonelle yrkesutøvarar og klientane deira. Profesjonsetikk er filosofisk refleksjon over og eventuelt grunngeving av profesjonsmoraliske normer og verdiar.

2. Ein profesjon i moderne samfunn er ei sosial samanslutning kjenneteikna av ein eller fleire variantar av kollegiale organisasjonsformer og som er slik at han har oppnådd politisk legitimitet for eit samfunnsoppdrag som inneber forvaltning av kunnskap. For å avgrense noko som ein profesjon, må altså tre slags kriterier vere tilfredsstillte: (a) eit epistemisk kriterium (forvaltning av ein bestemd type kunnskap); b) eit organisatorisk kriterium (ei bestemd organisasjonsform) og (c) eit politisk kriterium (oppnådd politisk legitimitet for eit samfunnsoppdrag). Profesjonar i denne tydinga er historiske storleikar. Dei har ei daterbar byrjing og dei kan kome til ein ende, dersom vi vel å organisere løysingane på dei oppgåvene dei har på andre måtar.

3. Ein profesjonsmoral sin primære rolle er at han definerer "the terms of cooperation" mellom profesjonelle og mellom profesjonelle og klientane deira (om vi snakkar om "consulting professions"). Det er difor eit indre tilhøve mellom profesjon og profesjonsmoral. Slik profesjonar er historiske storleikar, er òg profesjonsmoralar historiske storleikar og vi kan vente at utforminga deira varierer historisk og med kulturell variasjon. Vi kan òg vente

betydeleg variasjon profesjonsmoraler imellom, men kanskje med wittgensteiniansk "familielikskap" dei imellom (Wittgenstein 1974, §§ 65-71). Profesjonsmoraler opptrår i fleirtail – avhengig av oppdraga sin art. Men det er mykje slektskap mellom dei. Hvis det imidlertid er slik at profesjonsmoraler definerer "the terms of cooperation", så vert det feil å sjå på dei som noko som berre regulerer profesjonelle yrkesutøvarar sine handlingar. Profesjonsmoraler konstituerer i staden primært ein type fellesskap eller ein type organisasjon. Det vert òg feil å sjå på profesjonsmoraler berre som noko som vernar profesjonelle sine eigeninteresser, slik ein har ein tendens til i mykje profesjonskritisk litteratur (sjå nedanfor).

4. I moderne samfunn er den primære addressaten eller det primære moralske subjektet for profesjonsmoraler profesjonar skjøna som kollegiale samanslutningar. Individuelle profesjonelle yrkesutøvarar er subjekt for profesjonsmoraliske normer og verdiar i delegert tyding, som medlemmar i kollegiale samanslutningar. For å oppnå status som moralsk subjekt for profesjonsmoraliske normer og verdiar, må ei samanslutning ha oppnådd politisk legitimitet for eit samfunnsoppdrag. Profesjonsmoraler gjeld ikkje for grupper som trur dei har eit samfunnsoppdrag, men som ikkje har oppnådd slik politisk legitimitet. Dette inneber at ein profesjonsmoral har eit politisk grunnlag. Han er grunna i den politiske legitimiteten til samfunnsoppdraget.

5. Av fleire grunnar er det direkte grunnlaget for profesjonsmoraler ikkje allmenmoralen eller religiøst eller filosofisk motiverte moralar. Profesjonsmoraler inneheld normer og verdiar som ikkje finst i allmenmoralen og som kan kome i strid med allmenmoralen. Allmenmoralen er autotelisk, profesjonsmoraler er heteroteliske, dei er middel i andre mål si teneste. Men allmenmoralen kan vere indirekte relevant for profesjonsmoraler på to måtar. For det første er allmenmoralen formalt relevant i den tydinga at han er eit normativt rameverk som politiske prosessar – inkludert dei prosessane som dannar profesjonar - må føregå innanfor for å oppnå politisk legitimitet. For det andre kan allmenmoralen vere substansielt relevant, i den tydinga at han definerer dei oppgåver som vi set profesjonar til å løyse, til dømes at vi skal

hjelpen til å hjelpe menneske. På denne andre måten kan òg religiøst og filosofisk motiverte normer og verdiar vere relevante. Men det går inga direkte linje frå allmenmoralen til ein bestemd profesjonsmoral. Mellom allmenmoralen og profesjonsmoral ligg det politiske prosessar utan ein normativt determinert retning. Frå det normative kravet at naudstilte bør hjelpast føl det ikkje at naudstilte bør hjelpast ved at vi oppettar profesjonar slik vi skjønar dette i moderne samfunn.

6. Ein profesjonsmoral kan sjåast på i to perspektiv. Frå profesjonelle yrkesutøvarar sitt perspektiv er det eit sett av normer og verdiar som er direkte handlingsretteleiar. Frå brukaren eller oppdragsgjevarane sitt perspektiv er ein profesjonsmoral imidlertid ikkje direkte handlingsretteleiar. I staden er han å oppfatte som eit sett av mekanismar for profesjonell sjølvjustis som står som ein (av fleire) garantistar for at dei får det dei har krav på. Frå brukarane sitt perspektiv er ein profesjonsmoral berre indirekte handlingsretteleiar, i den tydinga at profesjonsmoraliske normer og verdiar kan til dømes danne grunnlaget for klager dersom ein ikkje får det ein har krav på.

7. Av ein bestemd grunn er det oppdragsgjevarane og brukarane sitt perspektiv på ein profesjonsmoral som er det primære. Grunnen er at oppdraget er delegert til yrkesgrupper som har ei bestemt organisasjonsform, nemleg kollegial organisering. Kollegiale organisasjonar er vanskelege å kontrollere eksternt, særleg når dei får i oppdrag å autonomt forvalte ein type kunnskap som vi treng, men som vi ikkje har og som vi berre vanskeleg kan skaffe oss sjølv. Den som treng, men ikkje har, ein type kunnskap, stiller i ein epistemisk underlegen posisjon i høve til den som har denne kunnskapen. Difor må vi som brukarar og oppdragsgjevarar lite på at dei profesjonelle har tilstrekkeleg indre sjølvjustis. Vi må lite på at deira "terms of cooperation" faktisk er slikt at misbruk, samanblanding av interesser, veik kompetanse og liknande i det store og heile vert luka ut. Institusjonalisering av slik indre sjølvjustis kan føregå på mange måtar og det finst ulike perspektiv på kva det er. Dette er hovudgrunnen til at det

vert feil å sjå på profesjonsmoralar berre som uttrykk for profesjonane sine eigenintresser. Profesjonsmoralar skal primært halde eigeninteresser og andre ting i sjakk.

Eg held det synet på profesjonsmoralar sin status som eg har skissert ovanfor for å vere plausibelt. Det er eit typisk moderne perspektiv. Det særeigne ved perspektivet er at profesjonane sitt politiske oppdrag og samfunnsborgarane sine perspektiv vert det primære, profesjonsutøvarane sine perspektiv vert sekundære. Kjerna i synet er at profesjonsmoralar dreier seg om politisk motiverte moralske kodeksar. Det er imidlertid avgjerande viktig for dette synet at profesjonar er samanslutningar, "professional associations". Synet heng på at det er profesjonane som samanslutningar som har eit samfunnsoppdrag, og som står som ein slags garantistar overfor meg som samfunnsborgar for at samfunnsoppdraget blir forvalta på ein fullnøyande måte.

For meg er det imidlertid uklårt om debattane om profesjonalisme - eller sentrale deltakarar der - freistar å undergrave tanken om at profesjonar er samanslutningar, og erstatte dette med tanken om at det er ein særeigen type kunnskapsbaserte yrke, med uklære og flytande grenser til andre yrke, som bygger på andre slags kunnskap. Eg trur óg, utan at eg her skal grunngje det, at det er eit sentralt element i visse variantar av neoliberalistisk politikk de facto å undergrave profesjonane som samanslutningar. Denne politikken vert ofte presentert som det å få "kontroll" over profesjonane eller skjere ned på autonomien deira, eller å gjere dei meir "ansvarlege" ("accountable"). Men dette er litt overflatiske karakteristikkar. Kjerna i ein slik politikk er, slik eg ser det, anten ei reforhandling av samfunnsoppdraget, eller ei avskaffing av grupper med slike samfunnsoppdrag. Det finst altså både ei sosiologisk og ei politisk utfordring til tanken om at profesjonar er relativt autonome samanslutningar. Og båden den sosiologiske og den politiske utfordringa kan få følgjer for kva profesjonsmoral er. Om dette er tilfelle, får det fleire slags følgjer for profesjonsetikken, dvs. for refleksjonen vår over kva profesjonsmoral er. Eg skal nemne to slike, som eg held for å vere kanskje dei to viktigaste temaene for profesjonsetisk diskusjon i vår tid.

1. Først, om profesjonar ikkje er samanslutningar, kven eller kva er det då som har samfunnsoppdraget? Kven er den eller dei politiske aktørane, som gjennom eit samfunnsoppdrag er grunnlaget for ein profesjonsmoral? Det finst berre to moglege svar på dette spørsmålet: Anten er det dei individuelle profesjonelle utøvarane av eit yrke som har samfunnsoppdraget. Eller så vert heile tanken om at individ eller grupper kan ha slike samfunnsoppdrag avskaffa. Resultatet blir enten ei radikal individualisering av profesjonelt ansvar, eller ei avskaffing av tanken om at det finst eit særeige profesjonelt ansvar i det heile. Begge desse vegane kan vere moglege å gå. Men det vil føre til ei radikalt annleis organisering av dei oppgåvene som profesjonelle i dag er sette til å løyse enn det vi har i dag.

2. For det andre, dersom profesjonar er samanslutningar, er det relativt enkelt å skjønne grunnlaget for den institusjonaliserte indre sjølvkontrollen eller sjølvjustisen som er ein del av garantien overfor meg som samfunnsborgar for at eg får det eg har krav på, som pasient, brukar eller klient. Grunnlaget er samanslutninga - assosiasjonen av utøvarar - som kontrollerer seg sjølv og held eigeninteresser og andre ting i sjakk på den måten. Det er det at samanslutninga utøver kontroll over seg sjølv som gjer at vi kan snakke om ein intern, eventuelt ein autonomt utøvd kontroll. Men om profesjonar ikkje er samanslutningar med ei kollegial organisasjonsform, kan vi ikkje skjønne grunnlaget for kontroll på denne måten. Det vert ikkje lenger mogleg å snakke om ein intern institusjonalisert sjølvkontroll. Alternativet er å skjønne all kontroll og all institusjonalisert mistillit som noko profesjonseksternt. Og det vert eit profesjonseksternt trykk mot den einskilde profesjonelle.

Når Julia Evetts nemner operasjonaliseringa av kravet om "accountability" som eitt av dei sentrale moralske spørsmåla som profesjonalismedebattane reiser, er dette eit svært treffande poeng (Evetts 2003). "Accountability" kan operasjonaliserast på mange vis. Essensen i det Evetts skriv, er imidlertid at "accountability" i moderne freistnader på å omdanne profesjonane, har blitt operasjonalisert i retning av prosedyrer for ekstern kontroll over dei

profesjonelle sine handlingar, ikkje i retning av ei utdjuing av eksisterande prosedyrer for autonom intern sjølvkontroll utøvd av samanslutningane sjølve. Døme på dette er "management by objectives" (målstyring), evidens-basering i medisin og andre fag, "audit", "managed health care" og fleire andre. Evetts sitt poeng er ekstremt viktig, av den enkle grunnen at det treffer den politikken og dei sosiologiske antakingane som profesjonsmoraler bygger på. Å skifte frå eit regime med autonom intern sjølvkontroll til eit regime med ekstern kontroll er å reforhandle samfunnsoppdraget som profesjonell yrkesutøving kviler på, eventuelt å avskaffe samfunnsoppdraget og handsame profesjonelle på lik linje med andre yrkesutøvarar. Det er dessutan å individualisere ansvaret gjennom å avskaffe det "mellomliggande" nivået i kjeda av garantiar overfor oppdragsgjevarane, nemleg dei institusjonelt baserte imperativa for samanslutninga sin indre sjølvkontroll. Å avskaffe samanslutninga er samstundes å avskaffe det institusjonelle grunnlaget for indre sjølvkontroll i yrket. Det som står att, er den profesjonelle sin individuelle sjølvkontroll i kombinasjon med ei ytre kontrollerande makt. Det er det mogleg å gjere. Spørsmålet er om det er ønskeleg å gjere det. Spørsmålet er òg kva slags organisering av viktige hjelpeoppgåver vi får, dersom vi gjer det.

Eg har nemnt nokre døme på det eg ser som sentrale profesjonsetiske problem: "operasjonaliseringa" av kravet om "accountability", perverse insentiv i institusjonar med samfunnsoppdrag, reforhandling av, eventuelt avskaffing av, det samfunnsoppdraget som profesjonar har, individualisering av profesjonelt ansvar o.l. Eg kunne ha nemnt langt fleire slike problem. Desse problema har noko svært viktig sams: Dei gjeld i stor grad den politikken - og dei sosiologiske vilkåra for den politikken - som profesjonsmoral i moderne samfunn kviler på. Om profesjonsetiske diskusjonar skal bli noko meir - og noko viktigare - enn berre drøftingar av etiske retningslinjer i tradisjonell tyding og undersøkingar av det som skjer i mikrosamhandlingane mellom profesjonelle og klientane, pasientane eller brukarane deira, må profesjonsetikarar òg drøfte politikk. Utfordringa som til dømes neoliberalismen reiser for profesjonane, kan ikkje møtast gjennom drøfting av og eventuelt raffinering av profesjonsetiske

normer. Utfordringa må møtast gjennom direkte debatt om den politikken som profesjonsmoral bygger på i moderne samfunn. Er relativt autonome samanslutningar med kollegiale organisasjonsformer av denne typen politisk ønskverdige eller ikkje?

Litteratur

- Abbot, A. The System of Professions
- Berger, P. og Luckmann, T. Die gesellschaftliche Konstruktion der Wirklichkeit, Frankfurt am Main: Fischer Taschenbuch, 1980.
- Bjerke, P.
- Bosnich, D.A.
- Childress og Beauchamp
- Dingwall I9
- Douglas, M. How Institutions Think, 1986.
- Durkheim, É.
- Elias, N. Studien über die Deutschen, Frankfurt am Main: Suhrkamp
- Elster, J. Ulysses and the Sirens, Cambridge: Cambridge University Press, 1979.
- Evetts, J. 2003.
- Fjelland, R. og Gjengedal, E. Vitenskap på egne premisser, Oslo
- Forster, I9
- Freidson, E. Profession of Medicine, 1988.
- Freidson, E. Professionalism, 2001.
- Gilje, N. og Grimen, H. Samfunnsvitenskapenes forutsetninger, Oslo: Universitetsforlaget, 1993.
- Grimen, H. Samfunnsvitenskapelige tenkemåter, Oslo: Universitetsforlaget, 2004.
- Grimen, H. "Luhmann om förtroende", i N. Luhmann: Förtroende, Göteborg: Daidalos, 2005.
- Grimen, H. "Strategiar for tillitsreparasjon i lækjar/pasient-relasjonen", i H. Grimen og B. Ingstad (red): Kulturelle perspektiver på sykdom og helse, Oslo: Universitetsforlaget 2006.
- Hardin, R. 1999
- Harré, R. 1999
- Hirschmann, A. Exit Voice and Loyalty, 1972.
- Hoffmann, B. 2005
- Holmes, S. i J. Elster og R. Slagstad (red): Constitutionalism and Democracy, Cambridge: Cambridge University Press, 1989.
- Hughes I9
- Hustad, J. Varsleren, 2006.

- Koehn, D. *The Grounds of Professional Ethics*, 1994.
- Kvale, S. *Mesterlære*
- Luhmann, N. *Förtroende*, Göteborg: Daidalos, 2005.
- Merton, R. *Social Theory and Social Structure*, New York: The Free Press, 1968.
- Millarson
- Mortensen, N
- O'Neill, O. 2002
- Parsons, T.
- Potter, N.N.
- Searle, J. *Speech Acts*, 1969.
- Tarrou, A.-L. H.
- Rawls, J. *Political Liberalism*, Columbia University Press, 1993.
- Skirbekk, G. "The Discourse Principle and those affected", *Inquiry*, vol. 40, no. 1, 1997.
- Svensson, L. 19
- Tranøy, K. *Vitenskapen – samfunnsmakt og livsform*, Oslo: Universitetsforlaget, 1986.
- Tranøy, K.E. *Det åpne sinn*, Oslo: Universitetsforlaget, 1997.
- Vetlesen, A. J. og Nortvedt, P. *Følelser og moral*, Oslo: Gyldendal Akademisk, 1994.
- Vetlesen, A. J. og Jodalen, H. (red) *Closeness – an Ethics*, Oslo: Gyldendal Akademisk, 1996.
- Weber, M. *Wirtschaft und Gesellschaft*, Tübingen: J.B.C. Mohr, 1976.
- Welsh og Pringle, *British Medical Journal* 2001.
- Wittgenstein, L. *Philosophische Untersuchungen*, Frankfurt am Main: Suhrkamp, 1974.